	<p>kunnskap direkte frå ekspertar frå akademia, næringsliv og offentleg sektor. Det kan gjerast gjennom workshops, tema-møte og dialogmøte med utvalde ekspertar. Slik kunnskapsinnehenting gjer det lettare å sikra at ein brukar oppdatert kunnskap, og at ein adresserer dagsaktuelle problemstillingar og nye utviklingstrekk. Vestland fylke huser mange forskings- og utdanningsinstitusjonar, og samla dekkjer desse institusjonane tekniske, økonomiske, sosiale og juridiske utfordringar knytta til dei ulike fornybarkjeldene.</p>	
Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema	<p>Berekraftig arealbruk og avvegingar knytta til fornybar energiproduksjon og Energi distibusjon er avgjerande i forhold til naturmangfald. Arealbruk er nemd i samband med landvind og småkraftverk, men problemstillinga vil også gjelda for kraftlinjer, landfall for havvindskabler og vasskraft (t.d. større magasin). Det er derfor viktig at arealbruk får ein sentral plass i planarbeidet.</p> <p>Det bør setjast måltal for havvindproduksjon utanfor kysten av Vestland fylke, sjølv om produksjonen ikkje skjer i fylket. Kraft frå havvind som vert ført i kabel til land i fylket, vil kunna bidra til betre kraftforsyning på kysten og til nye arbeidsplassar. Ilandføring av kraft frå havvind vil krevja areal til infrastruktur.</p> <p>EU legg opp til ei satsing på ulike former for havkraft (utanom havvind), med fokus på bølgjekraft og tidevasskraft. Det er ei utvikling næringsliv og forvalting bør følgja med på. Det er kommersielle aktørar innan bølgjekraft i fylket i dag.</p> <p>Planen nemner djup geotermi. I tillegg bør grunn geotermi og bruk av sjøvatn til oppvarming og avkjøling inn i planen. Dette er i bruk i fylket i dag, men det er eit stort uutnytta potensiale.</p> <p>Sol: PV (solcellepanel) vil vera viktig, spesielt er interessa aukande med høge straumprisar. Solfangrar er ikkje nemd i planen, men må inn. Solfangrar kan brukast både til oppvarming av hus og til oppvarming av vatn.</p> <p>Fylket har store bioressursar, både i form av avfall og i skogen. Bruk av avfall frå skogbruk, jordbruk og kommunale avfallsanlegg til biodrivstoff</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren vil behandle eventuell tilførsel frå Havwind til kraftnettet i Vestland under plantema Kraftsituasjonen i Vestland</p> <p>Fylkesdirektøren påpekar at solfangrar vil være med under tema Sol og tema Bioenergi vil sjå på alle kjende biologiske kjelder.</p>

	<p>må inn i planen. Algar kan og på litt sikt verta eit viktig råstoff for biodrivstoff.</p> <p>Desentralisert produksjon, energilagring og fleksibel bruk bør få større plass i planarbeidet. Ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget bør vera å skaffa gode estimat på fornybare ressursar som vatn, vind (på land og til havs), sol og ulike former for bioressursar. God kunnskap om fordeling av desse ressursane i fylket og korleis ressursane varierer gjennom året, vil vera viktig for optimal utbygging av infrastruktur.</p>	
Medverknad i planarbeidet	<p>Kartlegging og mobilisering av relevante fagmiljø i akademia, privat og offentleg sektor vil vera avgjerande for ein god plan. UiB vil utpeika ein kontaktperson for arbeidet vårt med planen, slik at det vert ein koordinert innsats.</p> <p>Tidleg involvering av kommunar og innbyggjarar i fylket er viktig, og det er viktig at dei som deltek i arbeidet føler at dei har reell påverknad på arbeidet.</p> <p>Anna som blir vurdert som viktige innspel i planarbeidet</p> <p>Det er viktig at målet er klart definert. Det er snakk om netto nullutslepp, men kva ligg i det? Er det berre CO₂, eller inkluderer det også t.d. metan og lystgass? Kvar vert rekna som fylket sine utslepp? Gjeld det berre utslepp innanfor fylket eller heile verdikjeda for eit produkt eller teneste?</p> <p>Når det gjeld spørsmålet om korleis ein skal rekna utslepp og forstå målsettinga om nullutslepp, bør fylket ta omsyn til korleis kommunale planar i fylket (til dømes klimastrategien til Bergen kommune), andre fylke og nasjonal praksis (til dømes den nasjonale utsleppsrekneskapen) forstår desse einingane. Ein bør ha sameint praksis og tolking på tvers av forvaltningsnivåa.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
Biogass Norge (2022/3616-22)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Mål for biogassproduksjon:	Nasjonalt har norsk biogassbransje en ambisjon om å produsere 10 Twh innen 2035. I dag produseres det ca 0,7 Twh, men dette tallet er økende etter produksjonsstarten hos Renevo på Stord og med Biokraft	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon,</p>

	<p>sitt nye anlegg på Skogn. Vi vil se en dobling av biogassproduksjonen i Norge på kort tid.</p> <p>Vestland fylke er et viktig biogassfylke med store aktører som Renevo på Stord og BiR i Bergen. Landbruket og havbruksnæringen er også sentrale næringer i regionen. Skal vi nå målene som er satt er det viktig at fylket legger til rette for økt produksjon og bruk. Biogass er et satsingsområde i forbindelse med det grønne skiftet både i EU og i våre naboland, og med et generelt økt behov for mer energi bør det legges til rette for biogassproduksjon her hjemme også. EU mener biogass kan erstatte 20 prosent av naturgassen som i dag importeres fra Russland. EU har derfor satt igang nødvendige tiltak for å oppnå økt produsjon med utgangspunkt i dagens sikkerhetspolitiske bilde.</p>	men ikke aktuelt med endring.
Legge til rette for mer biogassproduksjon:	I Vestland fylke er det et stort tilfang av biologisk avfall, det gjelder matavfall fra husholdninger og næringsliv, men også avfall fra havbruksnæringen. Akkurat hvor mye avfall som er tilgjengelig er det ingen som har oversikt over, men at Vestland har gode forutsetninger for biogassproduksjon i sin sektor er det ingen tvil om. Biogass Norge mener det er en fordel om det gjøres et systematisk kartleggingsarbeid av Vestland fylke for å bidra til kunnskap om potensialet for biogassproduksjon. Det bør også i arealplanene settes av tilstrekkelig industriareal for produksjon av biogass.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Biorest:	Produseres det biogass produseres det også en biorest. Denne biosten er det viktig å samarbeide med landbruket om. Biosten kan erstatte kunstgjødsel, men da må det være en kvalitet på biosten som er tilpasset lokalt jordsmonn.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Etablering av fyllestasjoner for biogass i Vestland:	I dag er det ingen offentlig tilgjengelige fyllestasjoner for biogass i Vestland fylke. Det finnes fyllestasjoner i Trondheim og Stavanger, men mangler i Bergen og omegn. For en aktør som Tine blir det derfor vanskelig å satse på biogasskjøretøy i regionen før det kommer på plass et tilstrekkelig antall fyllestasjoner, og da helst for flytende biogass. Det bør derfor være en prioritert oppgave for Vestland å sikre en god plan	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	for ny infrastruktur. Det innebærer blant annet at det i arealplanene for kommunene og fylket settes av areal til dette formålet.	
Maritim sektor	Vestland fylke er et viktig fylke for maritim sektor i Norge. I den grønne omstillingen vi er midt oppe i er det behov for å legge til rette for mer bruk av biogass til fartøy som i dag benytter LNG. Vi erfarer økt etterspørsel etter biogass fra offshorefartøy og cruisenæringen. De ønsker å benytte biogass i stedet for naturgass. Mer bruk av biogass i maritim sektor vil være et viktig bidrag for å redusere CO2 utslipp. Det er en oppgave for havnene å legge til rette for nye grønne drivstoff som biogass, men igjen er det viktig at kommunene i regionen, og fylket, inkluderer nødvendig infrastruktur i sine arealplaner.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Nye grønne arbeidsplasser	Flere produsenter av biogass vil i seg selv bidra til nye grønne arbeidsplasser i regionen. Biogass er en fremtidsrettet industri som på landsbasis kan bidra med 16 000 nye grønne arbeidsplasser, så potensialet er stort og vi håper Vestland fylke ser verdien av å være offensive i sin grønne satsing på biogass.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Anbefalte tiltak:	<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeide en analyse som gir innsikt i potensialet for biogassproduksjon i regionen • Lage en plan for infrastruktur til landtransport • Sikre areal til infrastruktur for biogass i maritim sektor • Etablere dialog med havbruksnæringen for å sikre at mer av avfallet fra sektoren går til biogassproduksjon • Bidra til en god dialog med landbruket i regionen om bruk av生物 fra biogassproduksjon og levering av husdyrgjødsel til biogassproduksjon 	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Modalen kommune (2022/3616-23)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Val av plantema	Modalen kommune finner ikke flere plantema som kan være aktuelle for planprogrammet men kjem med følgjande merknadar til desse: 2.2 Retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk Utnytting av naturressursar ifbm utbygging av fornybar energi er ofte arealkrevjande. Det er difor særskilt viktig å videreføre retningslinjer for arealbruk i gjeldende planar for vind- og småkraftverk. I samband med	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<p>dette viser Modalen kommune til FN sitt berekraftsmål og delmål: 12.2 Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar 15.4 Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli i betre stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling</p> <p>2.2 Kraftsituasjonen i Vestland Spenningsoppgradering av dagens nett vil ta lang tid grunna lang handsamingstid for konsesjonssøknadar. For å unngå skeivfordeling mellom kvar produksjon av kraft og forbruk skjer i fylket, må det arbeidast for å gjennomføre kortsiktige tiltak på nettet. Dette for å sikre distribusjon til industri og innbyggjarar i Vestland fylke.</p>	
Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema	Utbygging av fornybar energi er ofte arealkrevjande. Det er difor naudsynt med ein god og heilskapleg politikk for naturmangfold, landbruk, vassforvalting og planlegging og styring av arealbruken. Nedbygging, oppstykking og endra bruk av areal er blant dei viktigaste grunnane til at mange naturtypar står i fare for å bli vekke i Noreg. Det må arbeidast med å utvikle betre metodar for verdsetjing av natur, slik at verdien av økosystemer kan bli betre integrert i plan- og vedtaksprosessar.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Medverknad i planarbeidet	Medverknad til planar skal mellom anna legge til rette for at alle berørte og interesserte aktørar kan koma til orde. Modalen kommune meinar det er for litat mellom invitasjonen til innspel og høyringsfrist. Dette gjer det vanskeleg å få ei politisk behandling i formannskap og kommunestyre. Ellers er medverknaden teken vare på slik Modalen kommune ser det.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Anna som vert vurdert som viktige innspel i planarbeidet	Modalen kommune ser ikkje anna som kan være viktig for innspel i planarbeidet.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Eviny AS (2022/3616-25)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelle betraktninger	Eviny AS takker for muligheten til å gi innspill til planprogrammet for regional plan for fornybar energi. Eviny har i dag 39 hel- og deleide	Tatt til orientering

	<p>kraftverk, med en middelårsproduksjon på 7,6 TWh i fylket. Vårt datterselskap BKK Nett har 22 000 km linjer og 260 00 kunder i distribusjonsnettet i fylket. I møtet med klimautfordringen er energiomstilling vårt viktigste virkemiddel. Med fleksibel, fornybar vannkraft, en kostnadseffektiv og pålitelig infrastruktur, samt sikre, stabile og kunderettede digitale løsninger har Eviny en nøkkelrolle i overgangen fra fossilt til fornybart. Regional plan for fornybar energi blir dermed svært viktig for oss. Tilgang på tilstrekkelig fornybar og bærekraftig produsert energi er en forutsetning for å kunne nå klimamålene og målsettingene om næringsutvikling basert på fornybar energi. I dagens geopolitiske situasjon tvinges vi også til å se på energi i et sikkerhetspolitisk perspektiv. Rammene for planarbeidet som beskrevet i kapittel 8 får en ny dimensjon. EUs plan for rask reduksjon av energiimport fra Russland øker tempoet i europeisk energiomstilling. Dette får også betydning for Norge ved at vi er tilknyttet det indre markedet, også for energi.</p>	Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
De overordnede målene for planarbeidet	<p>FNs bærekraftsmål er overordnet for planen, og det tas utgangspunkt i mål nr 7: Ren energi til alle. Her er det verdt å ta med seg at FNs bærekraftsmål ikke bare handler om volum, men også pris («affordable») og bærekraft. Samfunnsøkonomiske virkninger og bærekraftperspektivet må tas med i vurderingene av tiltak. Eviny ser det som positivt og viktig at planen har et helhetlig perspektiv på fornybar energi. Det er viktig at planarbeidet omfatter både produksjon, distribusjon og forbruk av fornybar energi i fylket. Vi noterer oss at energieffektivisering skal behandles i regional klimaplan, og at mål derfra kan legges inn i denne planen. Vi ser det som svært viktig at potensialet for energieffektivisering, og teknologier vi har til rådighet for dette, også blir drøftet i et kraftbalanseperspektiv, i tillegg til klimaperspektivet.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Valg av plantema	<p>Temaene som er valgt er etter vår mening relevante, og svarer på Utviklingsplanens bestilling.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon,

		men ikke aktuelt med endring.
Innhold i plantema	<p>4.1. Fornybar energi Vi oppfatter at det i dette punktet skal ses på potensialet for produksjon av fornybar energi i fylket. Vi er tilfredse med at vannkraftens sentrale rolle i Vestland anerkjennes og vil gjerne bidra i vurderingene av potensialet for ny produksjon. I tillegg til de temaene som det skisseres at arbeidsgruppe «Vasskraft» skal utrede, mener vi at vannforvaltning og risiko for redusert produksjon som følge av ubalanserte miljøkrav bør vurderes i gruppens arbeid. Når det gjelder vindkraft er det vår oppfatning at lokal aksept må være en forutsetning for utbygging. En faglig tilnærming til potensialet for vindkraft og arealdisponering for dette må følges av en politisk vurdering av potensialet. Erfaringene fra utbygging av vannkraft tilsier at lokalsamfunn som avgir areal og naturverdier må kompenseres. Det skal ikke settes mål for havvind, men temaet skal omtales. Vi tror det vil være klokt å vurdere potensialet for vindkraft i tilliggende havområder i forhold til at kraft fra eventuelle vindkraftverk her vil kunne ilandføres til vårt fylke, og dermed få betydning i kraftbalansen. For alle energikilder er det viktig at økonomiske vurderinger må inngå når det skal settes realistiske ambisjonsnivåer for vekst.</p> <p>4.2. Retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk Vi viser til vår kommentar over.</p> <p>4.3. Kraftsituasjonen i Vestland Den mest akutte problemstillingen i dag dreier seg om nett og infrastruktur. Styrking av eksisterende og utvikling av nytt nett er en forutsetning for at politiske ambisjoner om grønn næringsutvikling kan realiseres. Erfaringen tilsier også at nettutvikling blir kontroversielt når virkningene av tiltak blir synliggjort. På den bakgrunn er det av stor betydning at fylket har et godt, grundig og kunnskapsbasert grunnlag for politiske beslutninger i slike saker.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<p>Bruk av hydrogen og batteri vil kunne spille en viktig rolle i et fornybart energisystem. Produksjon av disse energibærerne krever store mengder energi, og etablering av dette i fylket vil få betydning for kraftbalansen i så måte.</p> <p>Som nevnt innledningsvis mener vi at energieffektivisering bør være en del av analysene rundt kraftsituasjonen. Varmeproduksjon og distribusjon har for eksempel potensial til å gi et betydelig bidrag til å redusere effektbehov i nettet, og er samtidig en metode til å nyttiggjøre energiressurser som ellers går til spille. Smarte energiløsninger med sirkulære perspektiv vil bidra til at vi kan frigjøre elektrisk kapasitet til andre samfunnsnyttige formål. Tilrettelegging for bruk av lavverdig overskuddsenergi (spillvarme fra datasenter, batterifabrikker, hydrogenproduksjon m.fl.) kan frigjøre elektrisk kapasitet som kan nyttiggjøres til å skape ny verdiskapning og arbeidsplasser i Vestland fylke.</p>	
Planstruktur/kunnskapsgrunnlag	I høringsutkastet listes det opp eksisterende kunnskapsgrunnlag. Her er de regionale kraftsystemutredningene, bl.a. fra BKK, nevnt sammen med Statnetts KVU, nettutviklingsplan og markedsanalyse. Vi gjør oppmerksom på at BKK skal levere en rullert RKSU innen juni i år, og at Statnett nå utarbeider to områdeplaner for Vestland fylke hvor ambisjonen er å levere i løpet av sommeren.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Organisering og medvirkning	Vi er glade for at betydning av medvirkning fremheves, og at det planlegges aktivitet utover minstekravet i plan- og bygningsloven. Eviny bidrar gjerne i arbeidet med vår kompetanse og innsikt.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Hordaland Bioenergi AS (HIBO) (2022/3616-26)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt / Biogass	Viser til invitasjon til å gje innspel til planprogrammet for regional plan for fornybar energi i Vestlandet fylkeskommune.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon,

	<p>Hordaland Bioenergi er eit selskap lokalisert på Voss. Vi har 4 anlegg som leverer termisk energi basert på fastbrensel produsert lokalt i regionen. Vi nyttar kun jomfrueleg virke produsert av skog i vår region. Vi ynskjer med dette å spela inn til planprogrammet betydninga av å sjå på heilheita i energisystemet. Der planen både ser på dei variablar energiformane som sol og vind, men også vektlegg betydninga forutsigbarheita bioenergi representera inn i systemet med å vera fristilt frå variasjonar i været.</p> <p>Hordaland Bioenergi AS er eit selskap eigmendt av lokalt energiselskap, Voss Energi AS. Deira satsing på bioenergi har vore eit verkemiddel for å avhjelpe flaskehalsar i nettet og sikra vidare utbygging når det var ei utfordring med distribusjon i nettet.</p> <p>Hordaland Bioenergi AS håper difor at fylket legge til rette for ein samansett energimiks og bruk av bioenergi. Det kan være bioenergi i fjernvarmeanlegg og kraft- og varmeproduksjon, biodrivstoff og biogass. Vi er allereie leverandør av termisk energi, basert på fast biobrensel, til 2 av vidaregåande skulebygga til fylket på Voss. Fylket bør satsa vidare på samspel mellom termisk og elektrisk energi, med rett energi til rett formål. Bioenergi er ein av energiformene som kan bidra til å avlasta kraftnettet og gje auka grad av sjølvforsyning, slik fylket har behov for. En sammensatt energimiks, der bioenergi inngår, sørger også for at Vestland kan bidra til å følge opp FN's bærekraftsmål og redusere utsleppa. Kvoteprisen på CO₂ skal aukas gradvis de neste årene, og en utslippsreduksjon vil følgjeleg også få positive økonomiske effektar.</p> <p>Hordaland Bioenergi AS bidreg gjerne med erfaring og kunnskap i da vidare arbeidet med planen.</p> <p>Vi ynskjer Vestland lukke til med arbeidet framover.</p>	men ikkje aktuelt med endring.
Hyllestad Senterparti (2022/3616-27)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Vindkraft	Hyllestad Senterparti seier nei til vindkraft i Hyllestad kommune	Tatt til orientering

		Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kvinnherad kommune (2022/3616-28)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Val av plantema	<p>Dei føreslegne plantema er sentrale for Kvinnherad, det ligg gode vurderingar bak og kommunen sluttar seg til dei. Det er likevel nokre moment som bør koma med i planarbeidet, som det i det vidare vert gjort greie for. Havvind bør ikkje berre skildrast, men også gjerast til tema for målbare ambisjonar. Det er ein sterk samanheng mellom slik utbygging og industriutvikling på land. Kvinnherad kommune har eit sterkt industrimiljø og gode lokalitetar for utvikling av leverandørindustri for ei sterk satsing på havvind. I utkastet til planprogram vert havvind utelukka frå målsettingar i planen av di utbygging vil skje utanfor Vestland fylke sine grenser. Utbygging av havvind er eit mogleg industrieventyr som kan koma etter den store utbygginga av oljeindustri i landet vårt. Effektane av denne utbygginga kan vera enorm, med store mogleheter for næringsutvikling og industrietableringar i Vestland fylke. Overføringsnett for elektrisk energi og infrastruktur for transport knytt til hydrogen, ammoniakk og biogass, inkludert desse energibærarane sine innsatsfaktorar, bør kome inn som plantema. Manglande overføringskapasitet mellom landsdelane som m.a. medfører ekstrem prisskilnad og medfølgjande sterkt konkurransevriding for næringslivet, må synleggjerast og følgjast opp med tiltak. Ein vil og peika på energieffektivisering som eit av fleire viktige tiltak for å møta utfordringane med energi og klima i framtida.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema	I vår kommune er det stor vasskraftproduksjon, samstundes som fleire vassdrag er verna mot kraftutbygging. Kvinnherad kommune ynskjer ikkje å opne for utbygging i uutbygde verna vassdrag. Det er potensiale for oppgradering og betre utnytting av allereie utbygde prosjekt og det er også mogleg medfleire småkraftverk enn Kvinnherad har i dag.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>Regionale incentiv for oppgradering og ny utbygging bør vere del av vurderingane i planarbeidet.</p> <p>Ved forrige runde om nasjonal kartlegging av vindkraftressursar i 2019 vedtok Kvinnherad kommunestyre følgjande:</p> <p>«Kvinnherad kommunestyre seier nei til etablering av vindkraft i kommunen. Kommunen meiner at forslaget til rammeplan for vindkraft på land er basert på eit for därleg kunnskapsgrunnlag, noko som også vert peika på av fleire av fagrapportane som er vedlagt rammeplanen. Dette gjeld mellom anna trusselen mot natur- og artsmangfoldet, noko som FNs naturpanel nyleg har kome ut med ein eigen rapport om.</p> <p>Kvinnherad kommunestyre erkjenner at verda står ovafor store utfordringar relatert til klimaendringar og i det grøne skiftet vil meir fornybar energi spela ei svært viktig rolle. Til tross for dette meiner kommunestyret at landbasert vindkraft har for mange negative og irreversible konsekvensar relatert til naturinngrep, biologisk mangfald, samt fugle- og dyreliv. Dette er godt dokumentert og vi syner mellom anna til Kvinnherad Turlag sitt høyringssvar. Landbasert vindkraft medfører også bruksavgrensingar på store areal og er særskilt problematisk i forhold til friluftsliv og utvikling av eit opplevelsesbasert grønt reiseliv i Kvinnherad og på Folgefonna-halvøya. Eit samla kommunestyre meiner at konfliktgraden og dei negative konsekvensane er så store at det er heilt uaktuelt med etablering av vindkraft i nokon av dei foreslalte områda i kommunen. På bakgrunn av dette ber kommunestyret Olje- og energidepartementet om å ta Kvinnherad ut av rammeplanen.»</p> <p>Kvinnherad formannskap meiner dette ligg fast og meiner at konfliktgraden og dei negative konsekvensane av vindkraftutbygging er så store at det er heilt uaktuelt med etablering av slike anlegg i Kvinnherad. Dette synet må leggjast til grunn også i dette planarbeidet.</p> <p>Det er imidlertid viktig at nok elektrisk energi blir gjort tilgjengeleg til framtidig industriproduksjon i fastlands-Norge. Elektrifisering av olje-</p>	
--	--	--

	og gassproduksjonen på sokkelen kan koma i konkurranse med dette og skapa uheldige ringverknader. Sameleis er det viktig at prisane til vanleg konsum for innbyggjarane kjem under kontroll, noko som både vil krevja regulering av marknaden og auka produksjon av kraft.	
Medverknad i planarbeidet	I planprogrammet kjem det ikkje detaljert fram korleis medverknad skal gjennomførast ut over minstekrava i plan- og bygningslova. Desse prosessane burde vore grundigare skildra. Oversikta over målgrupper for planprosessen er likevel god og dekker forvaltning, næringsliv, interesseorganisasjonar, innbyggjarar og nettverk på ein god måte.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Statnett SF(2022/3616-32)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	<p>Vi viser til brev om høring av planprogrammet for regional plan for fornybar energi for Vestland fylke.</p> <p>Statnett er positiv til at Vestland fylke skal lage en regional plan som ser produksjon av fornybar energi og nettutvikling i sammenheng. Vi ser at kunnskapsgrunnlaget for planen er omfattende og inkluderer både regionale kraftsystemutredninger og Statnetts nettutviklingsplan. Vi oppfordrer Vestland Fylkeskommune til å sette den regionale planen for fornybar energi i sammenheng med disse planene.</p> <p>Vi ønsker også å informere om at Statnett nå vil utarbeide regionale områdeplaner for utviklingen av kraftsystemet. To av disse planene vil dekke mesteparten av Vestland fylke, områdeplan for Bergensområdet og Haugalandet, som vi er i gang med å lage nå, og områdeplan for Sogn og Sunnmøre som vi starter arbeidet med etter sommeren.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Privat (2022/3616-33)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Vindkraft	Vi viser til høyringsbrev om planprogram regional plan for fornybar energi, og kjem med dette med innspel frå grunneigarar på Viksdalen i Sunnfjord kommune som alle har signert utbyggingsavtale med vindkraftaktør. Grunneigarar i Høyanger kommune har skrive under	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<p>liknande avtale med vindkraftaktør. Prosjektet som vi saman leiger ut grunn til, er også kjent som «Høyangerfjell Windkraftverk»</p> <p>Våre hovedbodskap er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkeskommune / kommunane bør ikkje ta prinsipiell stilling til vindkraftprosjekt i ei tidlig-fase, men vente til konsekvensutgreiing er gjennomført slik at fagleg kunnskapsgrunnlag er på plass, og at det er sendt fram ein konkret konsesjonssøknad. - Fylkeskommunen bør oppmøde kommuene til å ha ein konstruktiv dialog med utbyggjar i tidleg fase av prosjektutviklinga, for å finne dei gode løsningene frå starten av. - Fylkeskommunen bør sette tydelege, realistiske <u>og</u> tidfesta mål for fornybar kraftproduksjon for dei ulike kraftkjeldene, for eksempel «Legge til rette for idriftsettelse av XX antall GW landbasert vindkraftproduksjon før 2035» - Det bør handsamast fleire prosjekt enn det som kjem av målsetninga (ref. forrige punkt), fordi prosjekter vil/kan bli skala av undervegs som resultat av for eksempel kommunalt veto, storleiksreduksjon som følge av konsekvensutgreiing, økonomi i prosjektet eller utfordringar knytt til nettilknytning. <p>Kvifor sette konkrete mål for ny kraftproduksjon fra landbasert vindkraft i Vestland fylkeskommune?</p> <p>For grunneigarane kan vindkraftprosjekt med tilhøyrande inntekter få store positive ringvirkningar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Grunneigarane er sikra årlege inntekter gjennom heile driftsfasen. Dette kan igjen bidra til både nyetableringar og vedlikehold av eksisterende gardsbruk/bygg/eigedom, og gje auka bulyst i fråflyttingstruga bygder. - Vindkraftprosjekt kan gje høve for små og store betalte oppdrag i samband med både utviklingsfase, anleggsfase og driftsfase, for eksempel ved bygging av og vedlikehald av veg, transport, brøyting, tilsyn, tilstandsvurdering etc. - Lettare tilkomst til fjellet som følge av anleggsveier, noe som igjen kan forenkla oppsyn og gjeting av beitedyr i området. I tillegg kan anleggsvegar opne for mer beitebruk enn tidlegare då 	
--	--	--

	<p>det kan opne nye areal som tidlegare har blitt vurdert som uegna på grunn av tilkomstutfordringar.</p> <p>For kommunen, kommuneøkonomi og næringsliv kan vindkraftprosjekt gje vesentlege ringverknader:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Varige arbeidsplassar i 25 år (normal konsesjonsperiode), der kommunen og utbyggjar saman kan legge til rette for å få lokalt tilsette nøkkelpersonar.. - Eigedomsskatt og produksjonsavgift som vil gje gode inntekter til kommunen og vere eit godt bidrag til kommunebudsjett. For eit prosjekt på 1,5 TWh kan kommunen sitte igjen med 45 millioner kroner årleg <ul style="list-style-type: none"> o Eigedomsskatt på 30 millioner årleg (investering på 4,5 MRD * eiendomsskattesats på 7 %) o Produksjonsavgift på 1 øre/kWh 15 millioner kroner årlig (0,01 kr * 1 500 000 000 kWh). - Talet på 45 millioner vil sannsynlegvis auke i åra fremover då det for tida pågår diskusjonar rikspolitisk om korleis ein skal auke lokal verdiskaping og sørge for at meir av vindkraftinntekten blir liggande att i vertskommunane. - Meir fornybar kraft inn i kraftsystemet på Vestlandet vil være med på å redusere kraftprisane, noko som igjen er viktig for å sikre fortsatt drift av eksisterende industri i fylket, samtidig som det kan lokke til seg ny industri. Ny industri kan gje ytterlegere inntekter til både kommune og grunneigarar, i tillegg til varige arbeidsplassar. For å tiltrekke seg nye industrietableringar er ein god kraftbalanse med både rikelig og rimeleg kraftforsyning avgjerande, og ei tydeleg målsetning frå fylkeskommunen om meir fornybar kraftproduksjon gjer tryggleik for dei som ønskjer å etablere ny industri i fylket. <p>Prosjektet på fjellet mellom Sunnfjord og Høyanger kommune ligg innanfor eit av dei 13 områda i landet som NVE presenterte i 2018 som velegna for vindkraft. Dette er område som ikkje er omfatta av nokon form for vernestatus.</p>	
--	--	--

	<p>Dette området er også allereie utbygd med stor vasskraftproduksjon og det har installert eit sterkt kraftnett med 420 kV Statnett-linje som går rett igjennom den aktuelle vindkraftparken frå den nye Høyanger Trafo til den nye Moskog Trafo. Samfunnsøkonomisk skal det godt gjerast å finne betre prosjekt enn dette der ein kan utnytte allereie nedlagde milliardinvesteringar.</p> <p>Det bør også nemnast at Vestland fylke er eit av dei norske fylka som har minst landbasert vindkraft.</p> <p>Den sentrale delen av fylket ligg innanfor Statnett prisområde NO5 som ikkje har noko installert vindkraft. Den nordlege delen av fylket ligg innanfor prisområde NO3. I dette området er det bygd ein god del vindkraft. Prisen på kraft i NO5 har vore mykje høgare enn i NO3 i 2021 og så langt i 2022.</p> <p>Høyangerfjell Vindkraftverk er eit av dei større prosjekta som raskt kan gjennomførast for å skaffe fylket meir kraft. Vi grunneigarar har leigd vekk grunnen og vi trur at utbyggjar vil ønskje å realisere så raskt som mogeleg. Vi trur også at dette er eit prosjekt som NVE vil stille seg positiv til sidan vi «gjenbrukar» eit område som i dag er brukt til stor vasskraft og at store gjennomførte offentlege investeringar i kraftsystemet kan utnyttast betre. Det er dermed Sunnfjord Kommune, Høyanger Kommune og Vestland Fylkeskommune som sit med nøkkelen til å få dette realisert.</p> <p>Alternativet til å skaffe meir kraft i eige fylke, er å vente på at Statnett skal bygge nye linjer inn eller at det skal kome havvind frå Nordsjøen. Dette er mykje meir usikkert og utanfor lokal kommunal kontroll.</p> <p>Ellers viser vi til det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget som NVE lanserte i slutten av mars 2022, og som omhandlar positive og negative effektar av landbasert vindkraft, og som er eit omfattande arbeid mellom mange statlege etater. Vi vurderer dette kunnskapsgrunnlaget som det mest aktuelle og nøytrale i dag, og at det er lite farga av positive eller negative interessegrupper sitt syn.</p>	
--	--	--

	<p>https://www.nve.no/energi/energisystem/vindkraft/kunnskapsgrunnlag-om-virkninger-av-vindkraft-paa-land/</p> <p>Med helsing Gunnar Råheim GBnr 119/3 og GBnr 119/9 Roy Arve Ørnehaug GBnr 119/1 Hege Klakegg Gjermundstad GBnr118/1 Karina og Ståle Hetle GBnr 119 /2 Terje Gjermundstad GBnr 118/2 Jan Ove Gjermundstad GBnr 118/3 Lars Marius Gundersen GBnr 114/12 Jarle Gjermundstad GBnr 118 /4 Anders Espeseth og Anita Kvamen GBnr 125/1 Jostein Espeset GBnr 125/2 Erik Espeset GBnr 125/5 Ståle Kjell Kvammen GBnr 111/1 Heidi Mulen GBnr 106/1 Helge og Gudbjørg Kleppe GBnr 110/1</p>	
Tertnes Holding (2022/3616-34)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	<p>Prosjektledelsen for Kildn mener det er svært positivt at Vestland fylkeskommune har satt fokus på ambisjonsnivået og utbygging av fornybar energi.</p> <p>Målsetningene i regional plan for fornybar energi er blant annet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - God kraftbalanse - Sikker kraftforsyning til grønn verdiskapning i hele fylket <p>Dette krever at det utvikles, finansieres og realiseres konkrete prosjekter som støtter opp under det grønne skiftet</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Innspill kpt 2.3.1	Planprogrammet nevner ikke logistikkutfordringen tilknyttet hydrogenbærere – som krever annen distribusjon enn i dag grunnet: a) behov for skalaøkonomi b) forhold tilknyttet teknisk sikkerhet/personsikkerhet	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	Kildn tilbyr en sentralt beliggende energihub for skipstrafikk som nyttogjør seg hyrdogenbærere som drivstoff. Dette sikrer at det grønne sifret i kan gjennomføres i stor skala og bidra til rask realisering av potensialet.	
Kpt 3.4	Handlingsprogrammet må inkludere en konseptutredning tilknyttet logistikkutfordringen tilknyttet hyrdogenbærere – disse krever annen distribusjon enn i dag grunnet a) behov for skalaøkonomi b) forhold tilknyttet teknisk sikkerhet/personsikkerhet Dette er avgjørenede for at det grønne skiftet kan gjennomføres i stor skala og bidra til rask realisering av potensialet.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Kpt 4	«Det er naudsynt å sjå på utfordringane og løsingane med ulike «briller» Dei vi spesielt ynskjer å invitere inn i arbeidet er (s. 11):» -Næringslivet må nevnes i denne opplisten. -Næringslivet har et godt oversiktsbilde av konkrete utfordringer og sitter på mange av løsningene. -Innspill fra næringslivet og samarbeid med næringslivet vil gi fylket oversikt over behov og hvordan fylket kan vurdere, og jobbe inn mot, løsninger. -Kildn og partnerne i prosjektet ønsker å bidra til et klimavennlig Vestland gjennom å etablere fremtidsrettede nullutslippsløsninger for passasjergående skipstrafikk. -Dette vil si å flytte betydelige passasjervolumer fra land til sjø og realisere nasjonale, regionale og lokale klimamålsetninger.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring. Fylkesdirektøren påpekar at «Næringslivet» er nevnt i opplisten.
Kpt 5	Integrasjon av lokal/distribuert produksjon av varme og el i nettet må i fremtiden kunne håndteres mer effektivt enn i dag for å bidra tilstrekkelig til det grønne skiftet. Dagens struktur med sentralisert produksjon og distribusjon til brukersteder må suppleres med lokal, distribuert produksjon og utveksling for å sikre at varme-, kjøle- og elektrisk effektbehov møtes slik at både vedtatt og ønsket industriutvikling kan realiseres. Kildn-prosjektet i seg selv vil produsere betydelig el og varme og er klar til å planlegge utveksling av elektrisitet med lokal og regional netteier. Kildn-prosjektet er derfor en sentral brikke i det maritime grønne skiftet – en ønsket og nødvendig endring innenfor både reiseliv, passasjertrafikk og øvrig samferdsel	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
	Aker Horizons (2022/3616-35)	

Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	Aker Horizons og våre porteføljeselskaper – deriblant Aker Offshore Wind, Aker Carbon Capture, Aker Clean Hydrogen og Mainstream Renewable Power – er industrielle aktører med omfattende planer både som utbyggere av fornybar kraft og industrielle kraftforbrukere. Vi ser store muligheter i fylket, og er svært positivt innstilte til en helhetlig plan for kraftproduksjon og -forsyning i Vestland fylkeskommune som ledd i å oppfylle Norges forpliktelser til å begrense klimaendringene og oppfylle FNs bærekraftmål. Aker Horizons og porteføljen kan være bidragsytere til industrielle løsninger i vertskommuner både som kraftutbygger og -forbruker, med mulighet for store lokale ringvirkninger.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Innspill til valg av plantema	Aker Horizons og porteføljeselskapene stiller seg bak planprogrammets valg av plantema, og er positive til fylkeskommunens helhetlige tilnærming til ny energiutbygging og produksjon. Vi vil samtidig understreke viktigheten av å se denne planen i sammenheng med fylkets planer for bevaring og restaurering av naturmangfold. For å sikre legitimitet i beslutninger og god sameksistens med innbyggere er det avgjørende at klimaløsninger bygges med tilstrekkelige hensyn til biologisk mangfold.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Innspill til problemstillinger som er viktige innenfor de foreslalte plantemaene	Aker Horizons og porteføljeselskapene vil ha behov for sikkerhet rundt fremtidig tilgang til rimelig og fornybar kraft, og oppfordrer derfor fylkeskommunen til å sette ambisiøse produksjonsmål for ny fornybar kraft, både vann-, sol- og vind. Vi støtter at eksisterende planer for landbasert vindkraft tas opp igjen i lys av Regjeringens tilleggsmelding til Energi til Arbeid, gitt at vertskommunene er positivt innstilte. Vi vil oppmuntre til å se lokal kraftutbygging og industrietablering i sammenheng, for å få frem de positive ringvirkningene på en relevant måte. I tillegg vil store punktforbruk i kraftnettet kreve styrking av nettet. Rask lokal saksbehandling for styrking av nettet vil derfor være helt sentralt for ny industrietablering. Videre oppfordrer vi til at man ser på dette i sammenheng med avfallsforbrenning som leverer energi i regionen. Ved å kombinere	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<p>avfallsforbrenningsanlegg med karbonfangst og lagring vil man redusere utslipp fra den fossile andelen avfall som forbrennes, men også kunne oppnå såkalte negative utslipp ved at man også fanger CO2 fra biomassen som forbrennes. Totalt sett vil dette ha en positiv effekt på karbonfotavtrykket til energien som genereres. Aker Horizons og porteføljeselskapene ønsker videre å understreke viktigheten av at fylkeskommunen vurderer tilrettelegging av ilandføringspunkter og tilknyttet infrastruktur for havvind. Kystområdene har et svært stort potensiale for havvind, og det er ønskelig at dette hensyntas også i øvrige ambisjoner for kraftproduksjon og samspill i kraftsystemet i den regionale planen for fornybar energi i Vestland. Vestland fylke rommer en lang rekke leverandørbedrifter og industriklynger som kan bidra til en bærekraftig utbygging av havvindindustrien ved å bidra med nullutslipps produkter og tjenester.</p> <p>Videre understrekker vi viktigheten av tilgjengeliggjøring av industriareal (nytt eller eksisterende) som har begrenset risiko for naturkatastrofer (flom/skred), og er i tilstrekkelig avstand fra befolkning for å ivareta sikkerheten, for etablering av ny landbasert industri for produksjon av hydrogen og ammoniakk. Videre er det for etablering av slike anlegg helt sentralt med rask behandling av søknader for utbygging, og fylkeskommunal støtte og påtrykk for økt hastighet i alle ledd av søknadsprosessene er ønskelig, inkludert for de som ikke faller inn under fylkeskommunen.</p>	
Innspill til samarbeid i planarbeidet	<p>Vi har ingen innspill til planen for samarbeid i planarbeidet, utover å understreke viktigheten for fortgang i arbeidet med denne regionale planen for fornybar energi i Vestland fylkeskommune. Snarlig utbygging av fornybare energikilder er nødvendig for å oppfylle forpliktelser for å begrense klimaendringene og oppnå FNs bærekraftmål.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn (2022/3616-36)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging

Samandrag	<p>Vi viser til høringsdokumentet s. 11-12 sin oversikt over kva ein særleg ønskjer innspel på.</p> <ul style="list-style-type: none"> Overordna mål for planarbeidet. Vi er einige i målet om klimaomstilling, men vil legge til at dette må oppnåast samtidig med målet om å sikre naturmangfald og livsvilkår. Korleis vi brukar naturen påverkar klimaet, samtidig som klimaendringane påverkar naturen. Ein velfungerande natur i god tilstand, kan hjelpe oss å takle klimaendringar. Val av plantema. Vi ser kva kap. 2.1 i høringsutkastet peikar på som moglegheitene for auka produksjon av fornybar energi, men meiner at også det store potensialet innan energieffektivisering må bli plantema. Innhald i plantema. Vindkraft er nemnt i 2.1.1 (2. avsnitt) og i 2.2., men er ei ustabil energikjelde og eit tiltak som vil ha stor miljøpåverknad, vil svekke naturmangfaldet, vil forringe friluftsliv og vil hemme bulyst i nærområda. Mange av desse argumenta og fleire motiv, ligg til grunn for haldninga kommunane Fjaler, Gauldalen (no Sunnfjord), Hyllestad og Høyanger har vist til når dei har funne sine fjellområde ueigna for vindkraft. 	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p> <p>Energi effektivisering blir behandla i Regional plan for klima</p>
Organisering og medverknad.	<p>MSYS er glad for at <i>Naturvern- og friluftsorganisasjonar</i> er rekna blant dei fylkeskommunen "spesielt ynskjer å invitere inn i arbeidet". Vi føreset at både FNF, DNT Vest, <i>Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn</i>, Naturvernforbundet og <i>La Naturen Leve</i> er blant desse og at vi får reell innverknad. Når det gjeld kap. 3.1 vil vi, når det gjeld kunnskapsgrunnlag, vise til 2.1.1 (2. avsnitt). Der er det nemnt at regjeringa skal komme med ny nasjonal ramme for vindkraft (våren 2022).</p> <p>Tabellen i 3.1 vil derfor venteleg vil bli fylt opp, men då er det også viktig å ha link i tabellen til førra forslag til nasjonal ramme (våren 2019). Dette forslaget frå NVE, som peikte ut eigna område for vindkraft, vekte eit rekordsterkt folkeleg og kommunalt engasjement som bør ha utløyst endringar i nasjonal politikk – endringar som forhåpentlegvis vil stoppe omstridde vindkraftutbyggingar. Tabellen bør også innehalde dokumentasjon på potensialet innan energieffektisering/-sparing.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p> <p>Tabell 3.1 vil bli fylt opp gjennom arbeidet med kunnskapsgrunnlaget</p>

Området Sunnfjord og Ytre Sogn	<p>Kommunane Fjaler, Gauldalen (no Sunnfjord), Høyanger og Hyllestad sa alle i sine uttalar til nasjonal ramme for vindkraft at fjella i kommunane er ueigna for vindkraft. I overgangen frå Gauldalen til Sunnfjord kommune, blei Gauldalen sitt nei til vindkraft vidareført i Sunnfjord kommunestyre. Den lokale motstanden mot vindkraft er formidabel. Det finst få samfunnsmessige vinstar ved vindkraft som kjem oss til gode lokalt, men derimot uboteleg skade for framtida. Vindkraft sett i lys av dagens kraftpolitikk og konsesjonssystem, krev tydelege regionale politikarar, med tydeleg tilhald i det lokale perspektivet frå innbyggjarane og oss som dei representerer. Vestland fylkeskommune må difor gjennom sitt planprogram for fornybar energi, lytte til den store folkelege og lokale motstanden mot vindkraft. Vindkraft og lokale konsekvensar</p> <p>1. Vindkraft i fjella vil beslaglegge og øydelegge store fjellområde for evig tid med vegar, fyllingar, standplassar for turbinar og installasjonar av vindturbinarar på høgd 130-300 m. Dette er ei industrialisering av fjellandskapet. Vindkraft medfører ei stor landskapsmessig og økologisk belastning på fjellområda og all nærliggende geografi. Avbøtande tiltak vil aldri kunne kompensere for dette. Landskapet rundt blir mindre attraktivt som busettingsområde og mister sin verdi som reiselivsmål.</p> <p>2. Vindkraft vil få store konsekvensar for det bygdenære friluftslivet, ved at fjellområda vil bli omgjort til industriområde. Grunnlaget for friluftslivet og folkehelseeffekten ved korte og lett tilgjengelege fjellturar, vil bli forringa. Tilgjengelegeita til fjella vil bli sterkt redusert i månadar med fare for iskast frå turbinvengene (oktober-april).</p> <p>3. Vindkraft i fjella vil medføre følgjande næringsmessige konsekvensar:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Beiteområda vil gå tapt, og grunnlaget for landbruk i området vil bli sterkt forringa. Kulturlandskapet vil endre seg radikalt. b. Fjordane i Vestland er eit særegi og sterkt varemerke i norsk reiseliv og har kome svært godt ut i internasjonale kåringar. Fjellområdet i Sunnfjord og Ytre Sogn strekkjer seg frå utkanten av Jostedalsbreen (Europas største fastlandsis) til utløpet av både Dalsfjorden og Sognefjorden i vest. Dette er eit område der reiselivet har utvikla seg sterkt dei siste åra. Grunnlaget for dette er det levande kulturlandskapet og den urørte naturen. Vindkraftanlegg lett synleg frå fjordane og dalane 	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p> <p>Innspellet blir overført til arbeidet og kunnskapsgrunnlaget til sjølve planen</p>
---------------------------------------	--	--

	<p>våre, vil difor øydelegge grunnlaget for naturbasert reiseliv i dette området. c. Landbruk og reiseliv er basis-næringer i bygdene våre. Vindindustri vil difor få negative ringverknader for all næringsutøving i området.</p> <p>d. I Sunnfjord er Nasjonal Turistveg Gaulafjellet ein del av infrastrukturen og grunnlaget for reiselivet. Ved ei vindkraftutbygging i fjella, står både nye infrastrukturinvesteringar frå Nasjonale Turistvegar og Gaulafjellet sin status som nasjonal turistveg i fare.</p> <p>e. Erfaringar frå andre vindkraftprosjekt, viser at både teknologi og infrastrukturinvesteringar har ein slik karakter og storleik at ingen lokale leverandørar eller entreprenørar har kapasitet eller kompetanse til å levere anbod eller teknologi. Det meste blir levert og utført av store internasjonale teknologiverksemder og større nasjonale entreprenørverksemder. Dei massive investeringane gjev difor få eller ingen lokale næringsmessige verknader som rettferdigjer inngrepa og dei negative verknadane.</p> <p>4. Erfaringar frå utbygde vindkraftområde viser ei negativ utvikling i busetting. Eigedomsværdien fell i området, all utvikling stagnerer og fråflyttinga aukar. Vindkraft fører til nedbygging av distrikta.</p> <p>5. Aktuelle utbyggingsområder for vindkraft i Sunnfjord og Ytre Sogn strekkjer seg over/langs det varig verna Gaulavassdraget og nedbørsfeltet til dette. Vernerestriksjonane er sterke og verneområda er forvalta etter rikspolitiske retningslinjer. Flekke- og Guddalsvassdraget er også verna, og utbygging av vindkraft i området er sterkt i strid med vernestatusen og forvaltninga av området.</p> <p>6. Vindkraft medfører ureining i form av støy, infralyd, skyggekast og lysureining. Høgdelag for turbinplassering, turbinhøgder og innflygingssone til flyplass i Sunnfjord, vil medføre lysureining frå turbinhovuda som påverkar ein stor geografi i nærleiken. Folkehelseproblematikken knytt til støy frå vindturbinar, og skuggekast er ikkje utgreidd eller kjent. Erfaringar frå etablerte vindkraftverk andre stader i landet viser at folk vert sjuke av å bu i nærleiken av vindkraftverk, pga støy. Topografien i Sunnfjord og Ytre Sogn vil påføre store nærområder uboteleg skade i høve folkehelse og forringa bukvalitet.</p>	
--	---	--

Vindkraft og regionale konsekvensar	<p>Vestlandet, der Vestland fylke er sentralt, er eit av dei mest ikonisk vakre landskapa i verda, med uvanleg stor variasjon i natur over eit relativt lite område. Det er fire andre stader i verda der det er fjordar og fjell: Grønland, Alaska-Canada, New Zealand og litt i Skottland. Men landskapet og vegetasjonen er heilt annleis, og berre i Skottland har dei kulturlandskapet, men det er til gjengjeld annleis enn på Vestlandet. Vestland fylke forvaltar m.a.o. eit internasjonalt viktig og verdfullt landskap. National Geographic Traveller kåra i 2006 vestnorske fjordar som verdas fremste reisemål, etter 6 nøye utvalde kriterium, og utnemninga gjeld fjordane frå Møre og Romsdal i nord til Rogaland i sør. Naturvariasjonen er ekstra stor i Vestland fylke. Tidlegare Sogn og Fjordane fylke har 22 vegetasjonsgeografiske regionar av i alt dei 26 slike som finst i Noreg. Til samanlikning har heile Sverige 17 vegetasjonsgeografiske regionar, Finland 9 og Danmark 2. Vestland fylke har såleis eit stort og internasjonalt interessant landskap å ta vare på for framtida, og det vil også vere lurt å gjere det, dersom ein ønskjer at Vestland skal vere ein internasjonal reiselivsdestinasjon i framtida. Vindkraft er utan tvil er det mest landskapsinngripande energitiltaket og genererer i tillegg berre ustabil kraft. Det er ikkje kompatibelt for å drifta eit samfunn og næringsliv som er avhengig av stabil kraft. Det har dessutan vore store konfliktar med dei vindkraftanlegga som til no har vore bygd i Vestland. Vestlandet sitt ikoniske og internasjonalt verdfulle natur- og kulturlandskap må ikkje øydeleggjast av vindkraft.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Lokale synspunkt på vindkraft	<p>I samband med høyring av nasjonal ramme for vindkraft, blei det sendt inn fråseigner mot vindkraft i dei fire kommunane Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger. 5465 personar skreiv under fråsegna. Utifrå samla innbyggjartal i dei fire kommunane, viser dette ein tydeleg lokal motstand mot vindkraft. Gaular kommune sin uttale til Nasjonal ramme for vindkraft sak 19/9346 - Fråsegn til høyring av nasjonal ramme for vindkraft, seier følgjande: "Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet. Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>nedslagsfelta for verna vassdrag vert vurdert. ” Kommunane Masfjorden, Gulen, Hyllestad, Fjaler, Gauldalen og Høyanger har alle gjeve uttalar om ”Nasjonal ramme for vindkraft på land”. Der blir det slått fast at ingen av kommunane ønsker vindkraft i sine områder. I brev til Olje- og Energidepartementet frå desse seks kommunane datert 01.11.2019, skreiv ordførarane følgjande: ”Vi ønsker ikkje ny aktivitet frå vindkraftutbyggjarar i våre kommunar. Vi ber om at våre demokratisk fatta vedtak blir respektert og at dei leggast til grunn for vidare forvaltning av vindkraftsaker i våre områder. Vi krev derfor at statsråden umiddelbart grip inn og stoppar all vidare planlegging av nye vindkraftprosjekt i våre områder. ” Sunnfjord kommunestyret gjorde 27.11.19 vedtak som bl.a. sa dette: 1. Sunnfjord kommune er tilfreds med at regjeringa har trekt nasjonal ramme for vindkraft slik den låg føre. Kommunestyret i Sunnfjord kommune krev at dei områda som ligg i den nye kommunen vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og det føreligg ikkje nok grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfyldt enn andre området i landet. 2. Sunnfjord kommune vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. 3. Sunnfjord kommune krev at OED legg fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfelta for verna vassdrag vert vurdert. Vindkraftutbygging medfører vesentlege terrenginngrep og arealbeslag. Det er difor ein openbar konflikt mellom vindmølleparkar og føremålet med verneplan for vassdrag som fram til no har vore forvalta med strenge føringar på tiltak i nedbørsfeltet. 4. I det grøne skiftet må ein sjå på alle moglegheiter for å skaffe ny fornybar energi, inkludert energieffektivisering, oppgradering av eksisterande kraftverk og å leggje til rette for ny teknologi. Sunnfjord kommune krev eit skatteregime som betrar økonomien i produksjonsaukande fornying i vasskraftanlegg. Fylkestinget i Vestland gjorde 10.06.20 eit samrøystes vedtak som også følgjer opp kommunale vedtak. Fylkestingsvedtaket inneholdt bl.a. dette: «Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til</p>	
--	---	--

	natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.»	
Alternativ energitilgang	Som skrive i samandraget saknar vi ein omtale av det store potensialet innan energieffektivisering/-sparing. I dokumentet <i>Energipolitikk på naturens premisser</i> er det dokumentert at Noreg har eit alternativ til vindkraft på 82 TWh (82 milliardar kWh). Normalårsproduksjonen av norsk vasskraft var 136,7 TWh pr. 01.05.21. I det fylkeskommunale <i>Planprogram til høyring</i> , som vi her kommenterer, er vasskraftproduksjonen i Vestland, talfesta til knappe 35 TWh, dvs. vel 25 % av samla norsk produksjon. Ein kan derfor med utgangspunkt i desse tilgjengelege data, legge til grunn at det i Vestland kan vere eit alternativ på 20 TWh (25 % av dei nasjonale 82 TWh) i staden for vindkraft.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Oppsummering og konklusjon	Vindindustri i fjella i Sunnfjord og Ytre Sogn vil ha ein høg kostnad lokalt. Både lovgjevinga omkring energikonsesjonar, framstilling av behov for krafta, samt skatteinsentiva som ligg bak framdrifta av vindkraftprosjekta, gjer oss uroa for den demokratiske prosessen knytt til kraftpolitikk og vindkraftkonsesjonar. Dette krev tydelege folkevalte som har beina godt planta i det lokale perspektivet frå innbyggjarane og oss som dei representerer. Vi finn at det er få samfunnsmessige gevinstar ved vindkraft som kjem oss til gode lokalt. Vi finn derimot at vindkraftutbygging vil gjere uboteleg skade for framtida når det gjeld busetting, natur og miljø i Sunnfjord og Ytre Sogn. Dersom det skal framskaffast meir fornybar energi i Vestland, så må alternativet med energieffektivisering/- sparing og utbetring av eksisterande vasskraftverk, kome i staden for utbygging av ny vindkraft. Med dette som grunnlag, forventar vi at Vestland fylkeskommune gjennom planprogrammet for fornybar energi, seier eit tydeleg nei til vindkraft i Sunnfjord og Ytre Sogn.	Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring. Fylkesdirektøren meinar at planprogrammet må innehalda vindkraft som tema for å kunne belyse fleire teknologiar rundt vindkraft. Avgrensingar kor vindkraft skal være i fylket må komma fram i sjølvé plandokumentet.
Folk for fjella (2022/3616-37)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Hovudmerknad	<i>Om Folk For Fjella</i>	Ikkje tatt til følgje

	<p><i>Folk For Fjella(FFF)) er ein frivillig organisasjon med sitt opphav i prosessen med Nasjonal Ramme for vindkraft i 2019. Organisasjon har sitt utspring i kommunane Alver – Modalen- Masfjorden- Gulen og Austrheim.</i></p> <p>Utviklingsplan for Vestland, som blei vedteke september 2020 set ikkje ein stoppar for at all utgreiing av vindkraft på land ikkje kan leggjast bort av VFK sitt fylkesting.</p> <p>Hovudmerknad:</p> <p>1. I planprogrammet skal all ordlyd som omtalar utgreiing av vindkraft(som for eksempel areal eller etablering) eller vidareføring av vindkraftplanar fjernast fra planprogrammet eller erstattast med begrepet «vindkraft på asfalt»</p> <p>Hovudinnspelet er har grunnlag i merknadar som er lista opp og drøfta vidare i dette dokumentet. Subsidiert skal kvar einskild merknad tas til følge.</p>	<p>Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren meinar at planprogrammet må innehalda vindkraft som tema for å kunne belyse fleire teknologiar rundt vindkraft. Avgrensingar kor vindkraft skal være i fylket må komma fram i sjølve plandokumentet.</p>
Merknad 1.	<p>Høyringsfristen er satt til 6 veker og 3 dagar frå 09.03.22 til og med 23.04.22</p> <p>At Vestlands Fylkeskommune(VFK) legg ut ein slik viktig plan til høyring i kunn 6 veker er underleg med tanke på lokaldemokratiet. Ved ein så kort høyringsfrist er det stor sansyn for at kommunestyret i kommunane ikkje får planprogrammet opp til politisk behandling. 6 veker som inkludert påskeveka vil ikkje kunne gi ei forvaltningsmessig og politisk forsvarleg behandling av planprogrammet.</p> <p>Kommunane må få tid til at kommuneadministrasjon skal forbered saka, så skal sak gjennom aktuelle utval for så å gå til vedtak i kommunestyret. Vestlandfylkeskommune både sin administrasjon og politikare bør ha kjennskap til prosessar i kommunane, og kor lang tid ei sak tar for å utøve forsvarleg</p>	<p>Ikkje tatt til følge</p> <p>Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren har gjeve høyringsfrist på 6 veker som beskrive i Plan og bygningslova §8-3</p>

	<p>behandling. Det er ikkje uvanleg at Vestfylkes kommune i saker som dei skal høyrast i frå kommunane ber om utsetjing på høyringsfristar på 6 veker.</p> <p>Når FFF tok kontakt med fleire av kommunane i området FFF arbeider i så var det både kommuneadministrasjonar og ikkje minst politisk nivå som ikkje var klar over denne høyringa.</p> <p>Når Vestlandsfylke i punkt 1. innleiing skriv; <i>Vestland skal fortsette å være Noregs største produsent av rein fornybar energi som både kan delast med omverda samtidig som grøne industriar fortset å vekse i fylket.</i></p> <p>Når ein har slike ambisjonar på kommunane sine vegen så bør dei folkevalde og fylkesadministrasjon sørge for å sikre at alle relevante parter i sak er varsle om høyringa. Samt sikre seg at den blir svar ut av kommunane, det har Vestlandsfylke ikkje oppfylt i denne høyringa.</p> <p>Når Vestlandfylkeskommune forsett med følgande punkt i planprogram og skriv i p.1.1 ; <i>Gjennom høyringsuttalar får innbyggjarar, kommunar og andre samfunnsaktørar høve til å påverke plan for fornybar energi i Vestland i ein tidleg fase.</i></p> <p>Når FFF registererer at så få kommunar er klar over høyringa eller rekk å få inn eit politisk svar inn fristen, så har VFK ikkje klart å leggja til rett for det dei sjølv skriv er viktig i P.1.1</p> <p>Ein kan gjerne som fylkeskommune hevde at lov om høyrings fristar og kunngjering er følgt, men det gir ingen støtte til at lokaldemokratiet får sin moglegheit til å fungere.</p> <p>Når dei folkevalde veit at alle gjennomføringar av arbeid og prosessar med nok storleik i plan må verta gjennomført i kommunane i Vestlandfylkje, så bør ein her sikra lokaldemokratiet og medverknad som ein skriv om i planprogrammet.</p> <p>Innspel til planprogrammet i vår merknad 1:</p> <p>M.1.1 Vestlandsfylkes kommune avviser planprogrammet.</p> <p>Plan vert å komma atende til når regjeringa har lagt fram</p>	
--	--	--

	<p>energikommisjonsarbeid som syner nasjonale føringer som VFK skal følje.</p> <p>Subsidiert</p> <p>M.1.2 Vestlandsfylkes kommune sender «planprogram for plan for fornybar energi i Vestland» ut på ei ny høyring. Da med ein høyringsfrist som sikrar ei forsvarleg behandling i kommunane med moglegheit politiske vedtak.</p> <p>M.1.3 Vestlandsfylkeskommune tilskriv aktuelle parter ut over offentleg verksemd, da spesielt med tanke på aktuelle NGOer.</p>	
Merknad 2.	<p>Frå punkt 1.2 <i>Kvifor gjer vi dette? Regional plan for fornybar energi er bestilt av Fylkestinget gjennom Utviklingsplan for Vestland, som blei vedteke september 2020.</i></p> <p>Regjeringa har sett ned ein energikommisjon(Oppnevning av energikommisjonen - regjeringen.no) Eit av måla til energikommisjon er å kartlegge energibehova i Norge. FFF kan derfor ikkje sjå samanhengen i at VFK skal laga ein fornybarplan for energi på regionsnivå før regjeringa har sluttført kommisjons arbeid.</p> <p>Det kan i beste fall føre til at bruk av offentlege resursar og midlar både i fylkeskommunen og ute i kommunane er fânyttes, og at plan i VFK ikkje svarar opp nasjonal politikk.</p> <p>Plan vil i eit slik høve vere verdilaus og VFK sitt ønskje og krav i P1.3 vert ikkje oppfylt -</p> <p><i>Planen vil vise strategisk retning i arbeidet med fornybar energi, og vurdere ulike strategiar og verkemiddel for å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Vedteken plan skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd, samt kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen (tbl § 8-2).</i></p> <p>Oppstart av dette planarbeidet vil ikkje gje den naudsynte «raude tråden» som eit slik arbeid skal ha.</p> <p>Innspel til planprogrammet i vår merknad 2:</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren ser ikkje grunn til å utsette planprogrammet sjølv om arbeid til Energikommisjonen går parallelt.</p>

	M.2.1 VFK utsett å starta planarbeidet med ein «Regional plan for fornybar energi» inkludert utarbeiding av eit planprogram, til energikommisjon og regjering og storting sin framtidig politikk er fastlagt.	
Merknad 3	<p>Merknad til punkt 2. Plantema</p> <p>Med bakgrunn i at Fylkestinget i Vestland gjorde 10.06.20 eit samråystes vedtak som også følgjer opp kommunale vedtak. Fylkestingsvedtaket inneheld bl.a. dette:</p> <p><i>«Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.»</i></p> <p>Syner til tabell 1 under p.2 plantema;</p> <p><i>1.rad kolonne 2; I prosessen skal ein vurdere korleis ein skal vidareføre retningslinene for arealbruk i gjeldande regional plan for vindkraft, og regionale planar for småkraftverk</i></p> <p>Når ein ser til VFK sitt vedtak vil det vere svært problematisk å starte arbeidet med denne plan. VFK syner her at dei har ambisjonar som går mot eige vedtak, når dei beskriver at «ein skal vidareføra retningslinjer for arealbruk i gjeldande plan. Da har VFK sine folkevalde alt tatt stilling til at retningslinja skal videreførast. FFF kan derfor ikkje så at dette punktet i tabellen i det heil stettar VFK sitt vedtak. Når ein da i vedtaket i VFK-tinget syner til orda på «bekostning av» og på følgjande tekst, er det lite truleg at fornybarplan kan ta innover seg VFK sitt vedtak før alle dei punkta som gjeld har fått sin eigen behandling(plan) vedtatt i dei folkevaldeorgana i VFK. Ved å starta arbeidet no med fornybarplan vil det setja VFK sitt vedtak til side. Pr. no ligg det føre klare vedtak i gamle Hordaland fylke - og seinare Vestland fylke - om at ein ikkje skal opna for vindindustri på land (evt. unnateke "på asfalt"). Ei rekkefølge som nå forsøkast etablerast vil undergrave dei folkevalde organa.</p> <p>Innspel til vår merknad 3</p>	Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.

	M.3.1 Tabell 1 i punkt 2; RAD4/KOLONNE 3 ordet vindkraft fjernast.	
Merknad 4	<p>Merknad til punkt 2.2 Retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk.</p> <p>Viser til grunngjeving i merknad 3.</p> <p>M.4.1 I overskrift i tekst i punkt 2.2 fjernast ordet vindkraft</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Sjå tidlegare kommentar</p>
Merknad 5	<p>Merknad til punkt 3. Planstruktur</p> <p>Planprogrammet omtaler i p.3 følgjande; <i>Planen vil inkludere generelle utviklingstrekk og trendar innan relevante område knytt til vekst av fornybar energi og korleis desse vil erstatte fossil energi. Dette vil vere utgangspunkt for å prioritere hovudutfordringar, definere mål og strategiar.</i></p> <p>FFF vil påpeika at utviklingstrekk, trendar inn energisektoren skal energikommisjon oppnemnt av regjeringa svara ut. Når da VFK legg slikt kunnskapsgrunnlag til grunn for planprogrammet er det ikkje samanheng mellom det VFK no vil utgreia og det kunnskaps grunnlaget VFK sjølv viser dei vil bruka i punkt 3. Når det grunnlaget frå energikommisjon ikkje er på plass, korleis vil da VFK kunne prioritere hovudutfordringar, definere mål og leggja strategiar for fornybar energi i VFK. VFK og kommunane er dei som må bidra i å nå og løysa nasjonale mål i vår region. Det kan ikkje oppnåast utan at ein set fornybar plan i VFK på vent til energikommisjon er ferdig og regjeringa har hatt sak gjennom Stortinget.</p> <p>Innspel til vår merknad 5</p> <p>M.5.1 Planprogrammet for fornybar plan i V FK setjast på vent til nasjonal strategi for fornybar energi er vedtatt nasjonalt. Det for å sikre samhang mellom nasjonal- regional og kommunalt nivå.</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren meinar planprogrammet Regional plan for fornybar energi i Vestland viser arbeidet til sjølve planen som vil være eit viktig bidrag for ein eventuell nasjonal strategi for fornybar energi.</p>
Merknad 6	Merknad til punkt 3.2 Målstruktur	Ikkje tatt til følgje

	<p>Plan programmet skriv i punkt 3.2; <i>Måla skal bygge opp under dei overordna måla i Utviklingsplanen.</i></p> <p>Utviklingsplan som planprogrammet viser til må i beste fall omarbeidast når energikommisjon er ferdig med sitt arbeid, i verste fall arbeidast ut på nytt med full politisk runde. FFF er underande til at dei folkevalde kan stetta ein slik prosess som er svært usikker og som brukar sårt tiltrengde midlar i det offentlege til andre prosjekt. VFK sin administrasjon kan ikkje garantere noko på forskott når det gjelder om overordna mål i Utviklingsplan tangerer nasjonale føringar etter at Energikommisjon har lagt fram sin rapport.</p> <p>Innspel til vår merknad 6</p> <p>M.6.1</p> <p>Planprogrammet for fornybar plan i V FK setjast på vent til nasjonal strategi for fornybar energi er vedtatt nasjonalt. Det for å sikre samhang i målstruktur mellom nasjonal-regional og kommunalt nivå.</p>	<p>Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Sjå fylkesdirektørens merknad til 5.1</p>
Merknad 7	<p>Merknad til punkt 3.3 Synleggjering av målkonfliktar</p> <p>Planprogrammet tek ikkje oppi seg målkonfliktar mellom regionsnivået og nasjonalt nivå. Viser til merknad 5 og 6 i dette dokumentet. Det er underleg at VFK ikkje drøftar i forslag til planprogram mogleg målkonfliktar med nasjonale mål og unlatar at slik konfliktar kan oppstå. Løysinga på slik konfliktar som oppstår vert heller ikkje løfta, kunn konfliktar som oppstår på same forvaltningsnivå. Det støttar ikkje hovudmålet med ein fornybar plan som skal støtta opp under nasjonale mål.</p> <p>Innspel til vår merknad 7</p> <p>M.7.1</p> <p>Planprogrammet for fornybar plan i V FK setjast på vent til nasjonal strategi for fornybar energi er vedtatt nasjonalt. Det for å sikre at målkonfliktar ikkje oppstår og om dei gjer vert lagt til rett nivå for løysing.</p>	<p>Ikkje tatt til følgje</p> <p>Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Sjå fylkesdirektørens merknad til 5.1</p>

Merknad 8	<p>Kommunane Masfjorden, Gulen, Modalen og Alver har alle kommunestyrevedtak på at dei ikkje skal ha etablering av vindkraftindustri i fjella sine.</p> <p>Det er då underleg at VFK legg opptil eit planarbeid som inkluderer desse kommunane. Det er eit sterkt signal om at kommunale vedtak ikkje vert følgd opp av VFK sin administrasjon eller dei folkevalde på fylkje som vel å leggja planprogrammet ut slik det no er utforma. Dette bør uro demokratiet på alle nivå i det norske samfunnet og bør rettast opp i.</p> <p>Innspel til vår merknad 8</p> <p>M.8.1 Kommunar som har vedtak i kommunestyre på at dei ikkje skal ha etablering av vindkraftindustri i fjella sine. Skal spesifikt nemnast i planprogrammet, at dei ikkje skal utgreiast for arealbruk til vindkraftindustri i Regional plan for fornybar energi.</p>	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren meinar planprogrammet ikkje skal innehalde slike begrensingar. Begrensingane som nevnt vil komme fram i planen</p>
Merknad 9	<p>Regjeringa og Stortinget utgreier mogleg endringar i loverk for at Plan og Bygningslova og Energilova skal harmoniserast. Eit viktig arbeid i dette er kor og korleis arealavklaring for vindkraft skal vera i framtida.</p> <p>Det er umogleg for VFK å levere ein fornybar plan som skal avklare retningslinjer for arealbruk for vindkraft i fylkje som nemnt i punkt 2.2, før lov om avklaringa på området er vedtatt i nasjonalforsamlinga i Norge.</p> <p>Innspel til vår merknad 9</p> <p>M.9.1</p> <p>Planprogrammet for fornybar plan i VFK setjast på vent til nasjonalt arbeid med utgreier mogleg endringar i lovverk er ferdig stilt. Dette for å sikre samanheng mellom plan og lovverk, og at plan vert utarbeid med bakgrunn i gjeldande lov.</p>	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Sjå fylkesdirektørens merknad til 5.1</p>

Merknad 10	<p>Eit større fjellområde i kommunene Masfjorden og Alver kan få varig vernestatus. Kommunane har støtta Miljødirektoratet i at planane om nasjonalpark i Nordhordland skal utgreiast videre. Det kan ha stor innverknad på etablering og verdien av ein nasjonalpark i dette området om omkringliggende fjell område blir peika på som aktuelle plassar for vindindustri i fornybarplan for VFK. Området mellom ein nasjonalpark i Masfjordfjella og Verneområdet i Stølsheimen er særdeles sårbart i denne prosessen.</p> <p>Innspel til vår merknad 10</p> <p>M.10.1</p> <p>Området Masfjordfjella som miljødirektoratet har peika på skal spesifikt nemnast i planprogrammet; at dei ikkje skal utgreiast for arealbruk til vindkraftindustri i Regional plan for fornybar energi. Nærliggende områder skal ikkje vurderast i planprogrammet då verknadene for nasjonalparken er usikker før den er etablert med vernekart og føresegner.</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren påpekar at planprogrammet ikkje vurderar spørsmålet.</p>
TioTech AS (2022/3616-38)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Våre kommentarar til planprogrammet	<p>Å sette eit klart og godt hovudmål for planarbeidet er viktig. Me meiner at planen bør ha eit overordna og talfesta mål på produksjon, distribusjon og eventuell lagring av fornybar energi i 2030. I planprogrammet saknar me dette og ein risikerer at det kan bli for mykje fokus på plan og utgreiing og for lite på konkrete tiltak og prosjekt. Å sette slike mål er skummelt og vil Vestland Fylkeskommune krevje modige politikarar og byråkratar, men utan dette vil industrien ha rammeverket den treng for å kunne gjøre grøne val. Dei tre plantema dekker godt både kartlegging av dagens og framtidas kraftsituasjon. Det blir viktig å sikre gode retningslinjer for framtidig arealbruk ved utbygging av fornybar energi, men det bør, i tillegg til</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Innspelet blir vidareført til arbeidet med plan og handlingsprogram</p>

	vind- og småkraft, utviklast retningslinjer for solenergi, mindre vindkraftanlegg (industrivind) og varmeenergi (fjernvarme og liknande). Fornybar energiproduksjon er i stor grad variabel. Me står ikkje framfor ei energikrise, men ei lagringskrise: At batteri og hydrogen blir spesifikt nevnt under to av plantema understøtter dette. Me vil likevel påpeike at ein plan for fornybar energi som ikkje og tar med retningslinjer for korleis denne skal lagrast skje er dømt til å mislukkast. Å bruke ressursar på å danne eit kunnskapsgrunnlag for ikkje-kommersialiserte eller ikkjeregulerte teknologiar verkar på oss å være feil bruk av begrensa tid og ressursar. Dette arbeidet bør heller leggast til andre planprogram innan innovasjon og næringsutvikling. Til slutt, arbeidet med dette planprogrammet vil danne grunnlaget for korleis det skal være å bu og arbeide i Vestland fylke. Å sikre tilgang til grøn energi vil være det viktigaste einskilde tiltaket for overgangen til eit fornybart samfunn.	
NVE (2022/3616-41)		
Tema	Innspel	Merknad/oppfølging
Generell	NVE mener at den regionale planen som beskrives vil være et nyttig verktøy ved framtidig konsesjonsbehandling av søknader om å bygge kraftverk og kraftledninger i Vestland fylke. Vi ser det som positivt at kraftproduksjon, -forbruk og -nett sees i sammenheng. Etter vår vurdering er valg av plantema fornuftig. Vi støtter vurderingen i planprogrammet om at det er hensiktsmessig å vurdere retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk på et overordnet nivå, uten å drøfte plasseringen av konkrete kraftverk. Vi vil samtidig minne om at nettselskapene gjennom <i>forskrift om energiutredninger</i> er pålagt å lage en langsigting plan for utbygging av strømnett (kraftsystemutredning), nettopp for å gi kapasitet til for eksempel nye kraftverk. I Vestland fylkeskommune er det Fagne, BKK Nett, Linja samt Statnett som lager disse planene. Vi anbefaler dere å ta kontakt med disse nettselskapene	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>for å koordinere planprogrammet med disse nettplanene. Neste kraftsystemutredning skal leveres innen 1.juni 2022.</p> <p>Det framgår av planprogrammet at det er planlagt at regjeringen skal legge fram en ny nasjonal ramme for vindkraft våren 2022. Det er uklart for NVE hva det siktet til her. Vi er ikke kjent med at det planlegges en ny nasjonal ramme for vindkraft.</p> <p>Den ene delen av NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft fra 2019 var et kunnskapsgrunnlag om miljø- og samfunnsvirkninger av vindkraft på land. Miljødirektoratet, NVE og andre statlige etater publiserte 31.3.2022 en oppdatert versjon av dette kunnskapsgrunnlaget på nve.no. Dette arbeidet er en del av oppfølgingen av Meld. St. 28 (2019-2020) om endringer i konsesjonsprosessen for vindkraftverk på land. Vi viser videre til at regjeringen 8.4.2022 la fram Meld. St. 11 (2021–2022)</p> <p>Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021) Energi til arbeid, som vil være relevant for det videre planarbeidet.</p> <p>Det framgår av planprogrammet at eksisterende kunnskap skal brukes av arbeidsgrupper for å vurdere potensialet for ny kraftproduksjon fra ulike produksjonsteknologier. I tillegg til det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget for vindkraft som er nevnt over, har NVE en rekke andre relevante publikasjoner og rapporter.</p> <p>Dette materialet er tilgjengelige på våre nettsider, og vi anbefaler at arbeidsgruppene benytter NVEs data og analyser som en del av kunnskapsgrunnlaget. NVE gjør også oppmerksom på at tallene gitt i starten av kapittel 2.1.1 raskt vil bli utdatert, siden det stadig blir fattet nye vedtak og idriftsatt nye anlegg.</p>	
--	--	--

Hydro Energi AS (2022/3616-42)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Fornybar energi i Vestland	Det skal settes ned egne arbeidsgrupper som skal utrede potensialet innenfor hver av de seks fornybare energikildene vann, vind, sol, bioenergi, havenergi og geotermisk energi. Basert på dette vil det	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon,

	<p>fastsettes mål for utbygging av hver enkelt energikilde innenfor planperioden (2022-2035).</p> <p>Det vil være nyttig å få et bilde av potensialet for utbygging av hver av de fornybare energikildene i Vestland. Her kan det skilles mellom teoretisk potensial, dvs. det totale ressursgrunnlaget, teknisk potensial, dvs. hva som er teknisk mulig å utnytte av ressursgrunnlaget med dagens teknologi, og teknisk-økonomisk potensial, der det også blir gjort en overordnet vurdering av miljøkonsekvenser.</p> <p>Eventuelle barrierer for videre utvikling av fornybare energikilder vil være nyttig å få identifisert. I arbeidet er det også viktig at en vurderer konsekvensene av pågående og kommende</p> <p>vilkårsrevisjoner/konsesjonssaker for eksisterende vannkraftanlegg når det gjelder å balansere ønsket om å opprettholde en verdifull og klimavennlig vannkraftproduksjon med hensyn til ulike brukerinteresser og miljømål, herunder biodiversitet.</p> <p>Vi registrerer at havvind ikke inngår i plan for arbeidet siden disse ikke vil bli lokalisert innenfor fylkeskommunens grenser dersom planer for havvind realiseres. Vi vil imidlertid oppfordre fylkeskommunen til å også hensynta de planer som er for havvind som kan tenkes tilknyttet nettet innenfor fylkeskommunen fordi en slik kraftproduksjon trolig vil påvirke betingelsene for både utvikling av kraftproduksjon, nett og industri på land. Som kjent pågår det betydelig arbeid for å utvikle havvind som kan tilknyttes Norge.</p> <p>Det er positivt at fylkeskommunen vil sette mål og ambisjoner for utbygging av fornybar energi i Vestland. Videre er det viktig at målet er tilstrekkelig ambisiøst og sikrer en god kraftbalanse i regionen, hensyntatt sannsynlig forbruksvekst også utover planperioden.</p> <p>I tillegg til å kartlegge potensiale og etablere mål, er det ønskelig med en vurdering av fylkeskommunens virkemidler, herunder potensielle økonomiske incentiver, for å bidra til at målene om utbygging av fornybar kraftproduksjon i Vestland blir nådd. Bidrag til informasjonsutveksling, koordinering av planer og dialog mellom ulike brukerinteresser og politiske interesser kan være viktig her.</p> <p>Fylkeskommunen kan også ha en rolle i å finansiere ulike utredninger,</p>	<p>men ikke aktuelt med endring.</p>
--	---	---

	for eksempel knyttet til - eventuelle behov for oppgraderinger av nettet som berører lokalsamfunn eller regioner i fylket.	
Retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk	<p>Regional plan for fornybar energi skal erstatte eksisterende kraftplaner for tidligere Hordaland og Sogn og Fjordane fylker. En egen arbeidsgruppe skal vurdere hvordan retningslinjene for arealbruk i gjeldende regionale planer for vindkraft og småkraftverk skal videreføres, samt utarbeide nye retningslinjer for arealbruk.</p> <p>Hydro antar at arbeidet til både fylkeskommuner og kommuner framover vil tilpasses arbeidet og strategien til sentrale myndigheter. For eventuell ny vindkraft har myndighetene nylig presisert at kommunene vil ha en sentral rolle. Etter Hydros syn kan fylkeskommunen ha en viktig rolle som rådgiver for både kommuner og ulike brukerinteresser, samt tilrettelegge for diskusjoner regionalt om behovet for kraft framover. Målet må være å realisere industriprosjekter og elektrifisering, og sikre en helhetlig utvikling som adresserer både belastning og muligheter for positive ringvirkninger regionalt og lokalt.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Kraftsituasjonen i Vestland	<p>Under dette plantemaet nevnes flere forhold: behov for infrastruktur for distribusjon av kraft til områder med kraftintensiv industri, lang behandlingstid for konsesjonssøknader om oppgradering av strømnettet, behov for fleksibilitet i nettet, hydrogenproduksjon, batterier og kjernekraft. Det fremstår noe uklart hva som er fokus og mål for plantemaet.</p> <p>Vi foreslår å omdøpe dette plantemaet til «Sikre god krafttilgang til industri og elektrifisering», da vi anser at dette er fellesnevneren for de nevnte temaene og målet som fylkeskommunen ønsker å oppnå.</p> <p>Tilstrekkelig kapasitet i strømnettet er avgjørende for at kraften kan overføres fra der den blir produsert til der den forbrukes. Det er behov for å forsterke nettet mange steder i fylket, men ledetider ved forsterkning av nettet er i dag ofte veldig lange. I juni 2021 utnevnte OED derfor et offentlig utvalg, kalt Strømnettutvalget, som blant annet skal foreslå tiltak som kan redusere tiden det tar å konsesjonsbehandle nye nettanlegg. Utvalget skal levere sin innstilling 15. juni 2022.</p> <p>Vestland fylkeskommune bør støtte opp om Strømnettutvalgets arbeid, med sikte på en raskere og mer effektiv utbygging av strømnettet. I arbeidet med regional plan for fornybar energi bør det også vurderes</p>	Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikke aktuelt med endring. Fylkesdirektøren er einig at ein under tema skal sikre god krafttilgang til industri og elektrifisering, men at det også ligger meir i temaet som ikkje vil bli behandla om ein endrar namn.

	<p>hvordan fylkeskommunen kan følge opp Strømnettutvalgets anbefalinger, og hvilken rolle fylkeskommunen kan spille i denne sammenheng.</p> <p>Vilkår for tilknytning til nettet er viktig for både ny industri og kraftproduksjon. OED og RME har de siste årene vedtatt nytt regelverk som åpner for tilknytning av både forbruk og produksjon til strømnettet med vilkår om utkobling eller reduksjon, i tilfeller der det er begrenset kapasitet i strømnettet. Dette er positivt da det muliggjør en bedre utnyttelse av nettet, samt raskere tilknytning ved både utvidelser og nye etableringer. Fylkeskommunen bør støtte opp om bruk av tilknytning med vilkår i sin dialog med nettselskaper og aktører, der forholdene ligger til rette for dette.</p>	
Norsk Bioenergiforening (2022/3616-43)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Planterma	<p>Nobio er positivt innstilte til Vestland fylkeskommunes målsetning om å bruke fornybar energi, og vi ser fram til å følge med på fylkets videre arbeid.</p> <p>Vi ønsker å spille inn til plantema. Av dokumentene som er sendt ut på høring, kommer følgende fram: «... For å skape eit Vestlandssamfunn med netto nullutslepp, må energien i naturen sitt eige krinslaup nyttast». Nobio er selvsagt på linje med dette. Videre kommer det fram at det ikke er nok strøm i kraftnettet, og at det i planprosessen skal drøftes ny produksjon av grønn energi, og distribusjon av denne. Å redusere flaskehalsar er et mål, kommer det fram av dokumentene.</p> <p>Nobio mener derfor at fylkeskommunen bør legge til rette for en bredt sammensatt energimiks og bruk av bioenergi. Det kan være bioenergi i fjernvarmeanlegg og kraft- og varmeproduksjon, biodrivstoff og biogass, som fylket allerede er involvert i både hva produksjon og bruk angår. Fylket bør videre sørge for et samspill mellom termisk og elektrisk med riktig energi til hvert formål.</p> <p>I en masteroppgave gjennomført på Institutt for naturforvaltning på Norges miljø- og biovitenskapelige universitet ble CO2-utslippene fra 122 biovarmesalganlegg beregnet. Resultatet viser at energien produsert på disse anleggene bidro til reduksjon av 34 000 tonn CO2-ekvivalenter.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>

	<p>Den viser også at investeringene i disse anleggene har gitt økt sysselsetting og verdiskaping.</p> <p>Disse energiformene bidrar nettopp til å avlaste kraftnettet og økt grad av selvforsyning, slik fylket har behov for. En sammensatt energimiks, der bioenergi inngår, sørger også for at Vestland kan bidra til å følge opp FNs bærekraftmål og redusere utslipp. Kvoteprisen på CO2 skal økes gradvis de neste årene, og utslippsreduksjon vil følgelig få positive økonomiske effekter.</p> <p>Norsk Bioenergiforening deler gjerne av vår kunnskap om bioenergi, uansett forum, og spiller gjerne inn i framtidige høringsrunder eller prosjekt fylket driver.</p>	
Vestland Bondelag (2022/3616 – 45)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Fornybar energi i Vestland	<p>Vi ser det er ein fare for å gå rett inn i argumentasjonen for tiltak og vinklingar som bør vere med i den regionale planen for fornybar energi. Til trass for dette har vi litt argumentasjon med for å beskrive ein del av utfordringane som bør diskuteras i planen. Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema</p> <ul style="list-style-type: none"> • Landbruket og grunneigarane har ein sentral plass, og store mogelegheiter når det gjeld produksjon av fornybar energi. ▪ Vi kan nemne småkraft, solceller på bygg og i solcelleparkar og vindmøller. Ei form for «samlokalisering» av desse tiltaka der infrastrukturen i naudsynt ledningsnett blir utnytta. Når ei kraftkjelde har liten produksjon har truleg ei av dei andre god produksjon. I planarbeid og investeringsbehov er det viktig å kunne sjå slike planar i samanheng. <p>o Biogassanlegg er eit anna område. Landbruket er ein viktig leverandør av råstoff, og ein mottakar av bioresten. I dette arbeidet er det viktig å vere bevigd faren for forurensing av jorda, med f.eks mikroplast og tungmetall.</p> <p>Ved levering av strøm frå dei gardsbaserte strømproduserande anlegga, kan kapasiteten på ledningsnettet ut over bygdene vere ei utfordring. Korleis kan dette betrast?</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> o Anleggsbidraget (utviding av ledningsnettet) kan i ein del tilfelle vere avgjerande for å ikkje etablere energikjelder på gardsnivå. Kan det gjerast noko med dette? o Spredd produksjon av strøm har god beredskapseffekt. Dersom dei store overføringslinene går ut av drift vil det vere nyttig med «påfyll» av straum i den andre enden. o Gards vindmøller: I dei områda der prisane er høgast, må det no vere langt meir aktuelt å tenke på gards vindmøller. Desse bør vere lite kontroversielle i høve til storskala vindparkar. 	
Retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk	<p><i>Konsesjonshandsaming:</i> Dei siste par åra har NVE ikkje hatt tilstrekkeleg kapasitet til å prioritere handsaming av konsesjonssøknader. Men vi ser teikn til at dette vert prioritert opp no. Det er viktig at søknader og detaljplanar vert handsama innan rimeleg tid. Og den desentraliseringa av handsaminga av kraftverk for små kraftverk under 1 MW til kommunane, representerer eigentleg ikkje noka effektivisering eller forenkling, snarare tvert imot. Dei færreste kommunane har kompetanse på fagområdet, og risikoen for mangelfull og ulik handsaming vert stor.</p> <p><i>Moglegheiter i sideelver i verna vassdrag:</i> Potensialet i dei verna vassdraga er som kjent eit heitt debatt-tema når det vert snakk om meir fornybar energi. Ofte vert det ikkje skild mellom stor regulering og småkraftverk i sideelver i debatten. Her er det nok eit markant potensial som ikkje trenger å føre til særlege miljølempar. Men det er likevel eit krevjande tema.</p> <p><i>Ressursgrunnlag:</i> Sjølv om mykje småkraft er bygd ut, er det framleis unytta ressursar. NVE har utarbeidd eit oversyn over potensialet, som ikkje er publisert enno (ei oppdatering og ajourføring av den kartlegginga som vart offentleggjort i 2004). Dette materialet bør publiserast.</p> <p><i>Nett:</i> Fornybarutbygginga i landet har vore for sterkt i høve til nettutbygginga. Dei store prisskilnadene vi har no er uheldige både for produsentar og forbrukarar. Ikke minst Vestland merkar dette som i det siste har hatt interne prisskilnader på 8 – 15 gangeren. Nettutbygging må forserast.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p><i>Eigarskap og lokal styring:</i> Mange kraftverk er eigde av større selskap no, til dels med utanlandsk eigarskap. Då er det viktig med gode fallrettsavtalar som gir grunneigarane gode inntekter og privat avtalt tilbakekjøpsrett etter avtaleperioden. Fallretten blir på lokale hender sjølv om eigarskapen til kraftverket er på andre hender for ein periode. Og så har vi framleis lokal styring med fallretsleiga ved at kommunane behandler all fallrettsutleige etter konsesjonslova. I jordlova er denne regelen fjerna, men ikkje i konsesjonslova. Lokalt falleigarskap er viktig å oppretthalde.</p>	
Kraftsituasjonen i Vestland.	<ul style="list-style-type: none"> For landbruket, som alt anna næringsliv så er produksjonen på gardane avhengig av stabil tilførsel av energi. I den seinare tida har det vorte tydeleg for alle at mangel på energi fører til høge energiprisar. Norge har vore kjent for låge energiprisar, og dermed har vi hatt god konkurransekraft. Står denne konkurransekrafta i fare no? Vestland Bondelag ser fram til det vidare arbeidet. 	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Jernbanedirektoratet (2022/3616 – 49)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	<p>Jernbanedirektoratet som fagorgan skal arbeide for at jernbanesektoren bidreg til å oppnå nasjonale mål på klima- og miljøområdet. Jernbanedirektoratet har vore positiv til at Vestland fylkeskommune gjennom sin Regionale plan for klima som no er under arbeid, skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga i fylket. Å utarbeide ein plan for fornybar energi vil verte ei god oppfølging av pågående planarbeid. Regional plan for fornybar energi har som målsetting å gi eit grunnlag for klimaomstelling i Vestland fylke.</p> <p>Tilgang til fornybar energi er og viktig i transportsamanheng. Jernbanen er eit miljøvenleg transportmedel og i Noreg har jernbanen tilnærma null klimagassutslepp frå hovudsakeleg ren elektrisitet frå fornybar vasskraft. Jernbanen har også fordeler som eit arealeffektivt og energieffektivt transportmedel som høg kapasitet og kan frakte passasjerar og gods effektivt over lengre avstander. Med etter kvart betre kapasitet på jernbanelina i fylket, kan fleire passasjerar og meir gods fraktast på ein energieffektiv måte også i framtida.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	Jernbanedirektoratet har ingen kommentar til framdriftsplan og organisering av arbeidet. Vi ønskjer lykke til med arbeidet vidare.	
Sogn Regionråd (2022/3616 – 52)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Val av plantema	<p>Rådet støttar valet av plantema. Dei er såpass generelle at dei vil kunne ta opp i seg dei fleste problemstillingane som er aktuelle. Vi kjem likevel med framlegg om eit tema til:</p> <p><i>Framlegg om nytt plantema: Nasjonale rammevilkår</i></p> <p>Delar av fylket har eit monaleg overskot av fornybar energi og mykje kraftkrevjande industri. Rådet meiner difor det er naudsynt med eit eige plantema for nasjonale rammevilkår.</p> <p>Vi har under omtalen av <i>Problemstillingar som er viktige</i> gått nærmare inn på nokre aktuelle deltema vi meiner er viktige på alle dei fire plantema, med særleg vekt på nye tema.</p>	Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring. Fylkesdirektøren meinar nasjonale rammevilkår vil verta diskutert i dei forskjellige plantema og spesielt i plantema «Kraftsituasjonen i Vestland» og at det derfor ikkje er nødvendig med eit nytt plantema.
Kunnskapsgrunnlaget til dei enkelte fornybare energikjeldene	<p>Rådet er samd i at det vert laga eit kunnskapsgrunnlag for alle dei aktuelle energiformene.</p> <p>Kunnskap på fylkesnivå bør ha prioritet, men vi ber om at det vert sett av tilstrekkeleg ressursar til at kunnskapen i størst mogeleg grad vert brote ned på region- og kommunenivå. Eit grunnlag på eit såpass detaljert nivå vil vere særslig nyttig i det kommunale planarbeidet.</p> <p>Havvind er i fyrste omgang berre aktuelt utafor fylkesgrensa. Det er likevel slik at både utbygging og drift vil kunne ha ringverknader på land gjennom t.d. utvikling av leverandørindustri, nettinfrastruktur. Havvind vert også truleg omfatta av det generelle regelverket for vindkraft.</p> <p>Rådet er samd i at kjernekraft strengt tatt ikkje er fornybar, men fossilfri energi. Det er likevel nyttig med eit oppdatert kunnskapsnivå her, med</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Sjå kommentar over

	<p>tanke på at det i framtida kan verte ei meir aktuell energikjelde i gjennomføringa av det grøne skiftet.</p> <p>Med <i>Nasjonale rammevilkår</i> som eige plantema vert t.d. både energimeldinga og Hurdalsplattforma viktig. Vi treng meir kunnskap om nokre av dei problemstillingane som er omtalt under dette plantema.</p>	
Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema	<p>Nytt plantema: <i>Nasjonale rammevilkår</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: Omtale og analyse av dei nasjonale rammevilkåra for fornybar energi, både innafor vasskraft, vindkraft, havkraft, geotermisk, sol og grøn hydrogen/batteri. Korleis skal fylket påverke desse vilkåra framover, t.d. innafor:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Regelverket for eigarskap, omsetning, produksjon og distribusjon av kraft</i> • <i>Stimulere til bruk av denne komparative føremonen i kraftkrevjande industri og anna næringsutviklinga i områda der krafa vert produsert</i> • <i>Sikre at fylket sit att med meir av verdiskapinga ved overføring av overskotskraft til andre delar av landet, t.d. gjennom prisutjamning, gunstigare nettleige, konsesjonsvilkår og liknande</i> <p>Plantema: <i>Fornybar energi i Vestland</i></p> <p>Rådet er samd i at det er viktig å auke kompetansen, både blant fylkeskommunen sine fagfolk og gjennom utdanning på alle nivå av den kommande generasjonen. I tillegg er det naturleg å vurdere om bransjen er godt organisert - både i produksjon og nett - og i kva grad det eventuelt er mogeleg å nyte den offentlege eigarskapen i nødvendige endringsprosesser.</p> <p>Plantema: <i>Retningsliner for arealbruk for vindkraft og småkraftverk</i></p> <p>Rådet viser til framlegg til nytt plantema over. Det er ikkje berre arealbruken som er viktig for vindkraft og småkraftverk.</p> <p>Fylkeskommunen sitt arbeid med å påverke t.d. skattereglar, eigarskap, konsesjonshandsaming osb. må òg inn i planen.</p> <p>Plantema: <i>Kraftsituasjonen i Vestland</i></p> <p>Kortreist kraft vil vera det mest miljøvenlege, føra til låg belastning av linjenettet og medverka til fylkeskommunens uttalte mål om å ta heile fylket i bruk.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Sjå kommentar over</p>
Medverknad i planarbeidet	I tillegg til aktørar som er nemnde i kap. 4 <i>Medverknad</i> bør regionråda og dei interkommunale politiske råda ha ein naturleg plass.	Tatt til orientering

	Arbeidsgruppene må også ha nokre eksterne deltagarar med høg kompetanse og/eller kjennskap til lokale og regionale tilhøve. Dei vil kunne bidra til å styrke kompetansen i fylkeskommunen.	Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Anna som blir vurdert som viktige innspel i planarbeidet	Planen bør omtale mineral og andre råvarer som er viktige innafor elektrifiseringa av samfunnet og det grøne skifte generelt og særleg kva rolle Vestland kan spele her	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Voss herad (2022/3616 – 53)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	<p>Til dei ulike spørsmåla fylkeskommunen ber om innspel på i høyringsbrev av 08.03. 22, har Voss herad fylgjande merknadar:</p> <p>Voss herad er samd i at vi må vi gjere ein innsats på alle nivå, inkludert på regionalt og lokalt nivå, for å nå dei store, globale klimamåla. Heradet støtter opp om Vestland sine høge ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp, og ynskjer å bidra til å inkludere, inspirere og mobilisere heile Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling.</p> <p>Energieffektivisering og produksjon av, og tilgang på fornybar energi er vesentleg for grøn verdiskaping og ein god kraftbalanse og sikker kraftforsyning er ein viktig føresetnad for vidare verdiskaping i fylket. Stadig større elektrifiseringsbehov, meir fornybar kraftproduksjon, nye industriar og endra forbruksmønster aukar presset på kraftsystemet, samtidig som det aukar presset på areal og landskap. Voss herad meiner at forslag til planprogram for Regional plan for fornybar energi legg til rette for ein ny og tydeleg regional politikk på energifeltet.</p> <p>Dei overorda måla for planarbeidet er gode, men kan med fordel formulerast tydelegare. Voss Herad vil framheva at ein i tillegg til å legge til å setje ambisjonar for utbygging av fornybar energi og vekst i grøne næringar, må ta omsyn til naturmangfold, landskap og friluftsliv. Me vil difor tilrå at planprogrammet set mål om at planen skal bygge på</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>eit prinsipp om lågast mogeleg natur- og miljøpåverknad per kWh ny fornybar energi. Fornybar energi er ei verdifull og svært knapp gode, og Voss Herad meiner planprogrammet må legge til grunn framtidsscenario der ein gjennom energisparing, effektivisering av noverande produksjon og prioritering av kva me bruker krafta til, kan trygge nok energi til næringar med god berekraftprofil og store ringverknader i regionen, samstundes som ein ivaretek omsyn til klima og natur.</p> <p>Voss herad er i ferd med å utarbeida eigen kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling – Vossaklima 2030. Heradet er også i gang med plan for næringsutvikling. Det vil vere viktig at desse planane samsnakkar, slik at me trekk i same retning.</p>	
Val av plantema	Voss herad støttar i hovudsak opp om valde hovudområde og plantema slik det er skissert i utkast til planprogram.	
Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema	<p>Vestland og Voss har store skogressursar og Voss herad savne andre former for bioenergi enn biogass som medrekna energikjelde i planprogrammet. Biobrensel i form av flis, pellets mm. vil ha eit vesentleg potensiale for energiproduksjon av fornybar energi i framtida. Dette vil vere viktig for avlasting av straumnettet, og bidra til større fleksibilitet. Hordaland Bioenergi bidreg i dag med fornybar energi til fleire aktørar, både offentlege og private, og har eit stort potensiale dersom marknaden etterspør meir bioenergi.</p> <p>Når biobrensel er utelatt som potensiell energikjelde i planprogrammet, medfører dette også at kunnskapsgrunnlaget manglar for denne fornybare energikjelda.</p> <p>Når det gjeld avgrensingar mot andre planar, er det tenkt at denne planen vil inkludere produksjon og distribusjon av fornybar energi. Regional plan for klima som er i prosess, vil inkludere energibruk og energieffektivisering for å redusere klimagassutslepp. Voss herad ser prinsippa her, men peiker på at ein regional plan for fornybar energi må ha vesentleg merksemd på energieffektivisering og energifleksible løysingar. Det vil vere vesentleg å greie ut kva potensiale det er til innsparing i regionen.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren påpeikar at under «Bioenergi» vil all kjend energi frå biologiske materialer bli behandla</p>

	Auka produksjon av fornybar energi er ikkje utan dilemma og konsekvensar og kan vere knytt til sosiale forhold og få konsekvensar for naturmangfaldet i regionen. Med bakgrunn i dette merker fylkeskommunen at plan for fornybar energi og plan for klima må vere tett knytt saman. Voss herad er av lik oppfatning som fylkeskommunen i denne vurderinga. Voss herad meiner at noko av løysinga for å sikre ei berekraftig næringsutvikling som del av klimaomstillinga i samfunnet er å leggja til rette for å nytte meir kraft der den vert produsert, og slik stimulera lokal næringslivsutvikling. Dette vil igjen kunne innebere ny næringsutvikling i distrikta og bidra til at me får tatt heile fylket i bruk på berekraftig vis. Kraftfylket Vestland, med fylkeskommunen i spissen, burde ta initiativ til ordningar som inneber at det vert lettare å få aksept for at krafta skal nyttast der den vert produsert. Om denne problemstillinga skal lyftast fram i regional klimaplan, regional plan for innovasjon og næringsutvikling eller i regional plan for fornybar energi kan diskuterast, men utfordringa lyt varetakast også i overordna regional planlegging. Dette var spelt inn frå Voss herad i høyringsuttale til planprogram for regional klimaplan sommar 2021. Om kraftsituasjonen i Vestland går det mellom anna fram at det er ei skeivfordeling mellom kor produksjonen av kraft skjer i fylket og kor krafta kan nyttast til grøn vekst, og vidare at det må sikrast nok kraft til dei områda i fylket som har kraftkrevjande industri. I prosjektet «Grøn region Vestland» er det peika på at næringsutvikling må ta utgangspunkt i dei komparative fortinng staden har. Denne målkonflikta er det uansett viktig å synleggjere i regional plan for fornybar energi. Under plantema «Retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk» viser ein til at den gamle fylkesplan for småkraft i Hordaland, hadde god oversikt over konfliktpotensialet i dei ulike areala. Ei liknande oversikt bør leggast til grunn i arbeidet med den nye planen.	
Medverknad i planarbeidet	Fylkeskommunen legg opp til brei medverknad, mellom anna med kommunane som har eit stort ansvar som tilretteleggjar for framvekst av	Tatt til orientering

	fornybar energi. Voss herad merker seg at det er planlagt eigne arbeidsgrupper for utgreiling av kvar av energikjeldene i arbeidet med planen og handlingsprogrammet. Med planar om framtidig biogassanlegg i heradet og interesse for betre utnytting av lokale skogressursar vil det vere relevant med deltaking i slike arbeidsgrupper.	Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Anna som blir vurdert som viktige innspel i planarbeidet	Voss herad ser fram mot å ta del i dette viktige planarbeidet, og ynskjer Vestland fylkeskommune alt godt for det vidare arbeidet.	
Vaksdal kommune (2022/3616 – 54)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Generelt	<p>Saka er behandla i Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022 11:30 - Sak 43/2022</p> <p>Det er gjort slikt vedtak: Vaksdal kommune gjev slik høyningsuttale til planprogrammet for regional plan for fornybar energi 2022-2035. «Viser til høyring på planprogram for regional plan for fornybar energi 2022-2035, og invitasjon til å sende inn høyningsuttale. Vaksdal er ein kraftkommune som har historie for å huse både kraftkrevjande industri og fleire større vasskraftverk. Vasskraftverka ein finn i kommunen har ei samla midlere årsproduksjon på over 1 400 GWh. Kommunen tykkjer det er flott at Vestland fylkeskommune no utarbeidar regional plan for fornybar energi og trur denne vil gje eit godt grunnlag for klimaomstilling i fylket.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Plantema - Kraftsituasjonen i Vestland	Vaksdal kommune vil lyfte fram kraftnettet som særsviktig tema knytt til fornybar omstilling og samfunnsutvikling. Trass den store mengda vasskraft som vert produsert innan kommunegrensa er kapasiteten i kraftnettet svært avgrensa, som til dels i Bergsdalen og Eksingedalen, og kommunen ser ofte vegen fram til å henta ut meir straum som vanskeleg. Det bør vurderast å løfte fram «uttak av lokal straum» som eit eige plantema. Det kan og gjerast vurderingar av moglegheita for å ta ut kortreist kraft, til dels til produksjon av fornybare energiberarar som hydrogen, og tilrettelegging av kraftnett og kraftuttak som og kjem fornybarstadane til gode. For Vaksdal kommune er dette spesielt relevant som ein av dei hovudansvarlege i arbeidet med K5 (ny E16) som fossilfri anleggs plass.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Fylkesdirektøren vil omtale «uttak av lokal straum» under plantema Kraftsituasjonen i Vestland

	Planprogrammet peiker på drøfting knytt til distribusjon av energi til dei delane av fylket med kraftkrevjande industri og kor grøn vekst har størst moglegheiter. Å sjå på moglegheita for å flytte kraftkrevjande verksemder til betre eigna stadar kan bidra til å løfte fleire delar av Vestland fylke med grøn vekst samstundes som ein kan nytte kraftnettet meir optimalt og spare utbyggingar.	
Innhald i plantema - Sekundærprodukt frå hydrogen og fornybar energiproduksjon	Planprogrammet nemner at prosessen vil sjå på bruk av sekundærprodukt frå produksjon av grønt hydrogen. Spillvarme er eit biprodukt frå hydrogen som kan nyttast til fjernvarme eller i andre prosessar, og i omstillinga til eit grønt samfunn må ein sjå heile verdikjeda. Det kan og sjåast nærmere på om spillvarme kan knytast til fleire av alternativa ein har til produksjon av fornybar energi.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Bergen og Hordaland turlag (2022/3616 – 55)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Oppsummering av våre innspel	<p>Planen må ta naturkrisa på alvor, og Ivaretaking av natur må inn som målsetjing for planarbeidet. Utbygging av fornybar energi er ein vesentleg årsak til tap av natur, og planen må følgjeleg ha eit overordna mål om å sikre nok fornybar energi på eit vis som ikkje skadar naturen ytterlegare.</p> <p>Dette heng saman med korleis Noreg skal oppfylla FN sine berekraftsmål. Planen må ha ein heilskapleg bruk FN sine berekraftsmål, og ta inn over seg at Noreg skårar høgt i høve til materiell levestandard, inkludert tilgang på rein energi, medan me slit med overforbruk, klimagassutslepp og tap av naturmangfold. Om Noreg skal nå berekraftsmåla må me både kutte klimagassutslepp, og samstundes ha eit nøkternt mål for utbygging av meir fornybar energi. I arbeidet med dei tre planområda bør ein difor:</p> <ul style="list-style-type: none"> • legga til grunn nøkterne estimat av framtidig energibehov basert på effektivisering, sparing og prioritering. • synleggjera og ivareta verneområde, viktige naturtypar og friluftsområde • prioritera utvikling av dei minst konfliktfylte energiformene <p>I den vidare organisering og gjennomføring av planarbeidet meiner BHT det er heilt essensielt at naturvern og friluftslivsinteressene kjem inn i</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	arbeidsgruppene, og at kunnskapsgrunnlaget vert styrka med kunnskap om natur, friluftsliv og landskap.	
Planen må ta naturkrisa på alvor	<p>BHT er uroa for at naturverdiane taper, myr etter myr, når dei vert sett opp i mot andre samfunnsinteresser. Nasjonale og regionale planar er eit godt verktøy for å hindre bit-for-bit nedbygging, men BHT ser at planverk også kan vere motstridande. Me vil derfor oppfordre til at omsynet til intakt natur og naturmangfald vert heilskapleg teke i vare og grundig utgreia i alle regionale planer framover. Me ser stadig oftare at klimaomstilling i form av nye grøne næringar og produksjon av fornybar energi påverkar forvaltninga av naturmiljøet og viktige areal for natur og friluftsliv. BHT vil her understreka den samfunnsøkonomiske nytten av å ta vare på og restaurere natur i ei tid då tap av natur, tap av artar og klimagassutslepp frå arealinngrep peikar seg ut som ei av verdas hovudutfordringar. Rapporten frå FN sitt naturpanel (IPBES)¹ i 2019 må – saman med den siste oppdateringa av raudlista³ her i Noreg – sjåast som ein felles aksept for at me står overfor ei global og lokal naturkrise, der arealinngrep og medfølgande habitatøydeleggingar har vore den viktigaste drivaren til naturkrisa.</p> <p>Parallelt med auka merksemd mot habitatøydeleggingar, har naturen fått auka verdi som arena for friluftsliv og turisme. Sidan starten på pandemien har mange fått kjenna på fordelane som ligg i å ha gode friluftsområde i sitt nærmiljø – noko som også er understreka i statlege strategiar⁴. I Stortingsmelding 18 (2015–2016)⁵ er det framheva at kombinasjonen av fysisk aktivitet og naturoppleving som ligg i naturopplevingar er spesielt viktig for den psykiske helsa. Levande skogar, fjell, elvar og vatn er føresetnaden for å skapa gode naturopplevingar.</p> <p>Naturen er viktig for den norske reiselivsnæringa, særleg på vestlandet, noko som vert framheva i <i>Stortingsmelding 19 (2016–2017) Opplev Norge – unikt og eventyrlig</i>⁶: «Natur og utmark er kjernen i det norske reiselivsproduktet. Norges særegne natur gir oss et komparativt fortrinn og et stort potensial for økonomisk verdiskaping og næringsutvikling». I 2015 stod reiselivet for i overkant av fire prosent av verdiskapinga og nær ni prosent av sysselsettinga i norsk næringsliv⁷.</p>	

	Bevaring og restaurering av natur har difor ei heilt anna merksemd, aksept og verdi i dag enn for få år sidan. BHT meiner dette må vere ein viktig premiss for planen, i ei tid der me paradoksalt nok opplever eit auka press på naturen. Dei siste tretti åra har 5,9 % villmarksprega natur gått tapt på landsbasis, og me har att berre 11,5 % natur som ligg meir enn 5 km frå tyngre, tekniske inngrep i landet. Mykje natur alt nedbygd, industrialisert og nytta til vasskraft, vindkraft og kraftlinjer. Samfunnet må i tida som kjem vere svært varsame med den naturen me har att.	
Planen må nytta FN sine berekraftsmål på ein heilskapleg måte	<p>Ettersom planprogrammet i kapittel 1.2 legg FNs berekraftsmål til grunn bør det vere ei heilskapleg tenking kring desse. I global samanheng skårar Noreg høgt på berekraftsmåla, men me utmerker oss særstakkt i nokre retningar, og negativt i andre. Dette kjem fram i rapporten som tek for seg Noreg si måloppnåing:</p> <p><i>According to the SDG Index, Norway's performance on SDG 1 (no poverty), 3 (good health and well-being), 5 (gender equality), 7 (affordable and clean energy), 10 (reduced inequalities) and 17 (partnerships for the goals) is strong. Norway is currently ranked number 6 on the SDG Index. The key challenges for achieving the SDGs in Norway are related to unsustainable consumption patterns, greenhouse gas emissions and the state of biodiversity.</i></p> <p>Kort fortalt står Noreg sterkt i høve til materiell levestandard, inkludert tilgang på rein energi, medan me slit med overforbruk, klimagassutslepp og tap av naturmangfald. Med andre ord må det norske samfunn ha eit nøkternt mål for utbygging av meir fornybar energi, om ein skal nå berekraftsmåla. BHT meiner difor planprogrammet må legge opp til utgreiingar av scenario med redusert forbruk i høve til det framskrivne behovet for straum som er varsle i ulike offentlege styringsdokument. Mellom anna Statnett si marknadsanalyse, som er ein del av kunnskapsgrunnlaget, legg til grunn ein ukritisk auke i energikrevjande verksemd som etter vårt skjønn ikkje kan sameinast med mål om ansvarleg produksjon og forbruk. Me er klar over at rimeleg og god forsyning av straum er viktig for overgangen til fornybarsamfunnet og for industriutviklinga, men me fryktar at ein ukritisk framskriving av trong for grøn energi og økonomiske utvikling på Vestlandet vil gå føre omsyn til dei andre berekraftsmåla som nemnt over. Me må i framtida</p>	

	<p>vurdere konsekvensar av å nytte kraft til utanlandsekspорт, vidare elektrifisering av sokkel og næringar som ikkje er i tråd med FNs tre berekraftsdimensjonar.</p> <p>BHT meiner planen i kapittel 1.2 også må omtala berekraftsmål 12 – ansvarleg forbruk og produksjon, berekraftsmål 14 – liv under vatn, og berekraftsmål 15 – liv på land, og me etterlyser i planprogrammet ein avklaring av korleis berekraftsmåla skal sjåast i samanheng, samt korleis Vestland bør prioritere sin innsats i høve desse måla.</p>	
Ivaretaking av natur må inn som målsetjing for planarbeidet	<p>BHT meiner målsetjinga for planen framstår noko utydeleg, og den manglar viktige perspektiv. Kapittel 1.3, som skildrar den overordna målsetjinga med planarbeidet, nemner ikkje problematikken knytt til naturskadane som følgjer utbygginga av fornybar energi. Ynskje om meir fornybar energi har ført til storstila utbygging av vindkraft, vasskraft og overføringsliner, men energipolitikken er i dag ikkje godt nok samordna med miljøpolitikken. BHT meiner Vestland må hindre meir energiutbygging i intakt og sårbar natur, og fylket må ha eit klart mål om å redusere negativ verknad på viktige natur-og friluftslivsverdiar frå produksjon og overføring av energi. Ambisjonar om ivaretaking av naturen må komme tydeleg fram i målsetjinga for planen.</p> <p>Med bakgrunn i våre innleiande merknader om den framveksande naturkrisa og trongen for ei heilskapleg handsaming av berekraftsmåla, meiner me eit hovudmål for planen må vere å finne balansen mellom tilgang på fornybar energi, og ivaretaking av naturmangfaldet.</p> <p>Samfunnet kan ikkje laga planverk som legg opp til sektorvis utvikling der eit mål skyt det andre ned. Utbygging av vind og vasskraft legg beslag på store areal, og har negative effektar naturmangfald og friluftsliv. Mål om berekraftig energiproduksjon som tek vare på natur, klima og næring, må komme tydeleg fram i kapittel 1.3.</p> <p>BHT meiner difor Vestland Fylkeskommune bør setje seg som mål å:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Greie ut kva tiltak som kan gjøre Vestland til eit samfunn med lågt og smart energiforbruk. b. Legge til grunn eit prinsipp om minst mogleg naturinngrep per kWh i utbygging av ny fornybar energi, medrekna visuelle influenssoner og støysoner frå vindkraft. 	

<p>Arbeidet med «Kraftsituasjonen i Vestland» må leggje til grunn nøkterne estimat av energibehovet basert på effektivisering, sparing og prioritering</p>	<p>For å skapa ei berekraftig og naturvenleg omstilling til eit fossilfritt samfunn må samfunnet legge om til eit lågare forbruk gjennom å effektivisera, spara og prioritera. Effektivisering av energiproduksjon og sparing og effektivisering av forbruk må vere eit viktig tema å utgreie for å sikte mot ein berekraftig energipolitikk. Her vil truleg mange av tiltaka komme under regional klimaplan, men ein må sikre overføring av desse effektane til denne planen.</p> <p>Prioriteringar av både forbruk og produksjon vil vere naudsynt for ein berekraftig energipolitikk. Vestland må ha ein politikk som tek til orde for strategiske val i høve kva type næring som skal prioritertast med tanke på energileveransar. Både nye kraftlinjer og utbygging av ny fornybar energi vil vere utfordrande å gjennomføre utan å kome i konflikt med viktige friluftslivsområde eller sårbar natur. BHT vil derfor ta til orde for å utgreie kriterium for å prioritere energileveransar til dei mest berekraftige verksemndene. DNT har tidlegare føreslått utarbeiding av berekraftsvilkår for tilknyting som tek omsyn til mellom anna arealbruk, naturmangfold, sysselsetting og lokal forankring. Alternativt kan vilkåra knytast til EU sin taksonomi for økonomisk aktivitet og inneha krav om bærekraftrapportering.</p> <p>Under arbeidet med «Kraftsituasjonen i Vestland» må ein også ta sikte på å finne fram til prinsipp for nettutbygging som gjev lågast mogleg naturskade, og BHT etterspør ein heilskapleg plan for, og samordning av kabeltrasear, slik at inngrepa vert minimert. Bruk av jord- og sjøkabel samt bruk av eksisterande linjetrasear er tiltak me vil peike på i denne omgang.</p>	
<p>I arbeidet med “Retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk” må ein synleggjere og ivareta verneområde, viktige naturtypar og friluftsområde</p>	<p>Vestland er Noregs største straumleverandør. Planprogrammet syner under kapittel 2.1 kva kraftanlegg og produksjon som ligg til fylket. Kapittel 2.1 bør også omtala kva areal som per i dag er påverka av kraftproduksjon. Planprogrammet må legge til grunn at ein skal ivareta verdiane i vedtekne naturvernområde, det vil seie verna vassdrag, nasjonalparkar, landskapsvernområde, naturreservat og område for marint vern. I planarbeidet må ein setje klare mål for buffersonar, og trygge at verneverdiane i den verna naturen ikkje vert skadelidande av utbyggingar i nærliggande areal.</p>	

	<p>Underordna dette tema bør planen ha målsetting om å bidra til å ivareta viktige natur- og friluftslivsområder i Vestland. Medrekna store samanhengande naturområde, men òg nærmiljønatur som 100-metersskogen og lokale grøntareal.</p> <p>BHT meiner følgande område er mellom dei som må kartleggast i planarbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Store samanhengande naturområde med urørt preg • Nasjonalt og regionalt viktige friluftsområde • Landskap av nasjonal og vesentleg regional interesse (verna vassdrag, nasjonalparkar, landskapsvernområde, naturreservat og marint vern) • Område i randsona til verneområda • Område med over 20 % myr eller andre viktige naturtyper • Villreinområde • Område der raudlista artar vert skadelidande av kraftanlegg • Område med konsentrert fugletrekk, samt viktige hekkeområde • Område der landskapet er ein vesentleg del av viktig reiselivsverksemd 	
Tema fornybar energi i Vestland må vektlegge dei minst konfliktfylte energiformene	<p>Skal ein lukkast med utviklinga av det fornybare samfunnet, meiner BHT ein må satse sterkt på effektivisering, sparing og prioritering av energi. Innunder prioritering ligg det også eit ynskje om å prioritere dei energikjeldene med lågast skade på natur og miljø, og med lågast samfunnsmessig konfliktpotensiale. Difor meiner BHT at planprogrammet må gje dei ulike arbeidsgruppene ulike mandat. Per i dag er utbygging av ny vind og vasskraft i Vestland potensielt svært miljøskadeleg og konfliktfylt, og desse arbeidsgruppene må jobbe ut frå ein føresetnad om å auke produksjon utan nye store arealbeslag.</p> <p>Vasskraft bør utviklast vidare gjennom å sjå på korleis ein kan få meir ut av eksisterande anlegg. Potensialet for oppgraderingar må kartleggast. Desse estimata må inkludera prosjekt som per i dag kanskje ikkje er bedriftsøkonomisk lønnsame, men som kan ha samfunnsøkonomisk nytte. Slik som oppgradering av gamle røyrsystem for å redusera falltap. Vidare må planen naturleg nok ta høgde for auken i kraftproduksjon som følgje av klimaendringane med eit villare og våtare klima. Mange av våre vasskraftanlegg må også opp til revisjon for å sikre at ein snarast råd får ei forsvarleg miljøforvaltning av våre vassdrag.</p>	

	<p>Vindkraft har synt seg å vere svært konfliktfylt, og planprogrammet bør gje føringar til arbeidsgruppene som tryggar godt samarbeidsklima på tvers av fylket (jamfør berekraftmål 17). Mange kommunar har gjort vedtak på at dei vil skåna sine areal mot vindkraft, og arbeidsgruppa for vind bør legga desse vedtaka til grunn for sitt arbeid. <i>Fylkesplan for vindkraft Sogn og Fjordane</i> må utgå. I det politiske landskapet er det ikkje lenger oppslutnad for omfattande industriell utbygging av vindkraft i Vestland fylke. På generelt grunnlag vil BHT peike på at vindkraft i urørt natur og viktige friluftsområde aldri kan verte foreinleg med betre naturforvaltning og meir ansvarleg produksjon og forbruk.</p> <p>Stadig fleire nordmenn har sett dei enorme konsekvensane vindkraftanlegg kan ha for natur og friluftsliv. Opinion har, på oppdrag frå DNT, laga tidseriar for å dokumentere haldningane til vindkraft i det norske folk. Ved siste måling, i september 2020, er 42% av folkesetnaden ganske til svært negative til vindkraftutbygging på land. Tala syner stor forskjell mellom dei delane av landet der det er etablert anlegg og/eller under bygging, samanlikna med område som ikkje har anlegg. Om ein ser vekk frå desse områda, er motstanden jamt over stor i det norske folk.</p> <p>Vert konsekvensar ved utbygging av vindkraftverk inkludert i spørsmålet, er svaret endå tydelegare. 73 prosent av folkesetnaden er heilt eller delvis mot at vi skal øydeleggje norsk natur for å byggje ut vindkraftverk. I all hovudsak medfører anlegga i dag store inngrep naturen. Folk flest ynskjer ikkje vindkraftverk som medfører vesentlege inngrep i norsk natur.</p> <p>Stadig fleire får kunnskap om og erfaringar med konsekvensane vindkraftutbygging har på naturen, noko som gjev meir kvalifiserte haldningar til vindkraft. Vindkraft er i utgangspunktet ein fornybar ressurs mange ser positivt på, men auka kunnskap om dei negative konsekvensane ved utbyggingane har resultert i ei markant auke i motstanden. Frå april 2019 fram til september 2020 var den heile 13 prosentpoeng.</p>	
Innspel til medverknad: naturvern- og friluftslivsinteressene må inn i	I planarbeidet er ein nøydd å ta inn kompetanse på feltet i planarbeidet. Vestland fylke bør difor legge opp til å gje plass til både friluftslivs- og naturvernorganisasjonane i arbeidet med å finne gode retningslinjer for	

arbeidsgruppene, og høyringa må sikre brei medverknad.	<p>arealbruk knytt til vind- og vasskraft. Vassdragskampane på 80-talet og vindkraftkampane som fann stad for få år sidan visar kva samfunnsmessige kostnader som kan følgje av kraftutbygging med mangelfullt plangrunnlag. BHT stiller seg til rådevelde som representant for friluftslivsinteressene i arbeidsgruppene for vasskraft og vindkraft. BHT noterer seg at høyringsperioden for planprogrammet var innanfor lovfesta rammer, men at nokre aktørar har hatt problem med å få med seg høyringa og/eller komme med godt gjennomarbeida innspel. Dels fordi den perioden strakk seg over påskeferien. Høyringa av sjølve planen er også innan lovfesta rammer, og fell ikkje i offentlege feriar, men det er tilrådeleg å vurdere korleis ein kan trygge breiast mogleg høyring av ein plan som omhandlar så sentrale tema for samfunnsutviklinga i vår region. Utvida høyringsperiode kan vere eit slikt tiltak.</p>	
Kunnskapsgrunnlaget må styrkast med kunnskap om natur, friluftsliv og landskap	<p>BHT merker seg at mange av dokumenta som per i dag ligg i kunnskapsgrunnlaget, i stor grad er strategidokument for politisk styring og næringsutvikling – ikkje uavhengige utgreiingar av sentrale tema. BHT sin hovudmerknad til kunnskapsgrunnlaget er at ein må ta inn kunnskap om viktige verdiar som kan stå i konflikt med utbygging av fornybar energi.</p> <p>Forslag til kunnskapsgrunnlaget er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Stortingsmelding 18 (2015–2016): <i>Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet</i> - Oppdaterte planar (sti- og løypeplanar m.a.) frå kommunane i fylket, knytt til Friluftslivets ferdsselsårer. - Miljødirektoratet sin nettressurs miljøstatus er ei god kjelde, særleg innan kategoriane friluftsliv, naturområde på land, og kulturminne: https://miljostatus.miljodirektoratet.no/ - Rapporten frå FN sitt naturpanel, (IPBES) i 2019 - Raudlista og verktøy for å skildre natur som ein finn hjå artsdatabanken: https://www.artsdatabanken.no/ <p>Trong for ny kunnskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tidelgare har BHT saman med DNT etterlyst ei utgreiing av kva tiltak i MDs Klimakur 2030 som også er naturvenlege tiltak. Det er viktig å 	

	<p>sikre at alle klimatiltak også må vere naturvenlege.</p> <p>https://www.miljodirektoratet.no/klimakur</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det kan vere trøng for meir handfast kunnskapsgrunnlag om viktigheita av urørt natur/store samanhengande naturområde med urørt preg. Betydinga av slike naturområde må utgriast med tanke på reiselivet, friluftslivet, folkehelsa, naturmangfald og økosystemtenester. 	
Våre merknader til planarbeidet	<p>Planen må ta naturkrisa på alvor</p> <p>Planen må ha ein heilskapleg bruk FN sine berekraftsmål, og ta inn mål 12, 14 og 15. Ivaretaking av natur må inn som målsetjing for planarbeidet</p> <p>I arbeidet me «kraftsituasjonen i Vestland» må ein legge til grunn nøkterne estimat av energibehovet basert på effektivisering, sparing og prioritering</p> <p>I arbeidet med “retningslinjer for arealbruk for vindkraft og småkraftverk” må ein synleggjere og ivareta verneområde, viktige naturtypar og friluftsområde</p> <p>I arbeidet med «fornybar energi i Vestland» må prioritere dei minst konfliktfylte energiformene</p> <p>Medverknad: naturvern og friluftslivsinteressene må inn i arbeidsgruppene, og høyringa på sikre medverknad</p> <p>Kunnskapsgrunnlaget må styrkast med kunnskap om natur, friluftsliv og landskap.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
Forum for natur og friluftsliv Hordaland (2022/3616 – 55)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Overordna mål for planarbeidet	<p>Den aktuelle planen må inneholde oppdaterte tall og kartgrunnlag som viser hvilke fornybare kraftanlegg som er i drift i dag, hvilke som er godkjent, men ikke realiserte, og også hvilke arealer – inklusive vassdragsstrekninger – som per i dag er berørt av fornybar kraftproduksjon. Videre må planen vise hvilke områder som skal skånes i fremtiden. Vedtatte verneområder må selvsagt legges til grunn – det vil</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>

	<p>si at verna vassdrag og verneområder må legge tydelige føringer for de fylkeskommunale retningslinjene for den videre utbyggingen av fornybar energi.</p> <p>Vi støtter målet om klimaomstilling, men vi mener at også et mål om sikre fylkets naturmangfold må være helt overordnet, og også komme klart frem som en forutsetning for den kommende planprosessen. FNs klimapanel (IPCC) og FNs naturpanel (IPBES) slår begge fast at bevaring av natur er avgjørende for å bremse klimaendringene og stanse tapet av økosystemer og artsmangfold. Den regionale fornybarplanen må legge dette til grunn, og vi mener at planen helt overordnet bør fokusere på hva som er mulig å få til av fornybar energiproduksjon på arealer som <i>allerede</i> domineres av menneskelig aktivitet.</p> <p>Planen må adressere konflikten mellom arealkrevende utbygging av fornybar energi og målsettingene om å ta vare på naturmangfold og friluftslivsområder, og vi ønsker her å utfordre fylkeskommunen til blant annet å legge til grunn et prinsipp om lavest mulig arealinngrep pr. kWh i forbindelse med fremtidig utbygging av fornybar energi. Den aktuelle planen bør også si noe om hvilke tiltak som kan gjøre Vestland til et samfunn med lavt energiforbruk – dvs. hvordan vi kan bruke energien mest mulig effektivt. Vi har et betydelig uforløst potensial for å frigjøre fornybar strøm som i dag brukes i bygg. Planen bør tallfeste hvor mange TWh energisparing- og effektivisering i byggsektoren i Vestland kan frigjøre, og sette seg ambisiøse mål for hvordan vi kan realisere dette potensialet. <u>Slike tiltak bør i planen ha prioritert foran nye utbygginger.</u></p>	
Tap av naturverdier og friluftslivsområder	<p>Naturkrisen og klimakrisen må ses i sammenheng, og stadig flere understreker at det er vanskelig å kunne forsvere massiv og industriell nedbygging av natur av hensyn til klimaet. IPCC slo i delrapport 2 til sin sjette klimarapport fast at det ikke holder å kutte utslipp for å bremse klimaendringene, vi må også bevare 30–50 prosent av arealene på land, i ferskvann og til havs. Dette oppnår vi gjennom små og store tiltak i alle verdens land og regioner – selv sagt også i Vestland. Selv i et land som Norge, med relativt mye intakt natur sammenlignet med andre europeiske land, er hver femte art på rødlista over truede arter. Årsaken er soleklar: 90 prosent av norske truede arter trues av fysiske inngrep, endringer og oppstykking av deres leveområder. Vi vil derfor sterkt</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<p>advare mot å satse på energiutbygginger som krever nye, store inngrep i vestlandsnaturen – dette av hensyn til både natur og klima. Natur og friluftsliv spiller også en uvurderlig rolle for den fysiske og mentale folkehelsen. Vi er derfor opptatt av at natur- og friluftslivsverdier skal ligge til grunn når utbygginger knyttet til fornybar energi skal vurderes – dette mener vi også må komme tydelig frem av den aktuelle planen.</p> <p>Mengden av kraftverk for vind og vann er allerede – i lag med kraftlinjer og mange andre naturskadelige inngrep – så omfattende at videre utbygging må begrenses sterkt. Når lite noenlunde intakt natur er igjen, blir skadene av nye inngrep større enn tidligere. Biogene snakker her om utdøingsgjeld; det at leveområdene er så begrenset og oppstykket at mange arter kan klare å eksistere en stund framover, men ikke i lengden. Vestland er – som nevnt – Norges desidert største kraftfylke når det kommer til produksjon, noe som betyr at en stor del av naturen i fylket vårt allerede har fått merke omfattende negative konsekvenser av kraftproduksjonen. Det må også nevnes at den kraftmengden som vi i dag disponerer, er omtrent dobbelt så stor som på 1970-tallet.</p> <p>Fremtidig energiutbygging i Vestland fylke må være nøye gjennomtenkt og utredet når det gjelder hensynet til natur og friluftsliv. Ulike utbyggingsalternativer må alltid vurderes, også 0-alternativer, der for eksempel utbedring av eksisterende kraftverk eller kraftlinjer prioriteres over nye utbygginger. Vi vil oppfordre Vestland til å ha lavere energiforbruk som en hovedmålsetning i planen. Opprusting av gamle vannkraftverk bør også være sentralt, samt satsing på solenergi i byer og tettsteder – for eksempel på hustak.</p> <p>Slik også Bergen og Hordaland Turlag (BHT) presiserer i sin høringsuttalelse til den aktuelle planen, er regionale planer et godt verktøy for å hindre den <i>bit for bit</i>-nedbyggingen som vi fortsatt ser altfor mye av, også i Vestland fylke. Menneskeheten står med begge beina i to kriser; en klimakrise og en naturkrise.</p> <p>I denne sammenhengen er det også verdt å fremheve hvilken verdi den unike vestlandsnaturen har for friluftsliv og turisme – naturen gir som nevnt både enorme folkehelsegevinster og også store økonomiske verdier for reiselivsbedriftene i fylket vårt. Fungerende økosystemer,</p>	
--	--	--

	som i mindre grad er påvirket av mennesker, er en viktig forutsetning for å skape gode naturopplevelser både for innbyggere og tilreisende.	
Kunnskapsgrunnlag	<p>I utkastet til planprogram er det et eget kapittel om kunnskapsgrunnlag som skal ligge til grunn for det aktuelle planarbeidet (kap. 3.1). Her savner vil bakgrunnsdokumenter blant annet om energieffektivisering, samt rapporter som skildrer konsekvenser av fornybar energi på naturmangfold, friluftsliv, reiseliv, lokal bolyst, med mer.</p> <p>I utkastet til planprogram (kap. 3.1) står det at det i sammenheng med planarbeidet skal utarbeides et kunnskapsgrunnlag for hver av energikildene og for en god kraftbalanse og sikker energiforsyning. Når det gjelder dette kunnskapsgrunnlaget er det relevant å nevne ny nasjonal ramme for vindkraft, som er ventet å bli lagt frem av regjeringen før sommeren. Tabellen i kap. 3.1 bør også inneholde dokumentasjon på potensialet innenfor energieffektivisering.</p> <p>Vi ønsker også å legge vekt på viktigheten av det kommer tydelig frem av den kommende planen at all utbygging av fornybar energi må være kunnskapsbasert og i tråd med gjeldende lovverk. Dette betyr at den kommende planen også må fokusere på hvilke krav som allerede ligger i gjeldende lovverk når det kommer til utredninger og kunnskapsinnhenting. På den måten kan planen bidra til at eventuelle utbyggingsprosjekter i Vestland fylke er så godt opplyste som mulig før det fattes vedtak, og at alle vedtak er i tråd med norsk miljølovverk.</p> <p>Dette høres selvsagt ut, men realitetene har vist at her trengs det bedre mekanismer, både i forvaltningen og i de politiske vedtakene.</p> <p>Det finnes mange eksempler på at konsekvensutredninger som gjelder energiutbygginger ikke har blitt utredet godt nok i henhold til Forskrift om konsekvensutredninger (KU-forskriften). Dette kom tydelig frem i en rapport som Multiconsult laget for Klima- og miljødepartementet i 2016. Vi forventer at den regionale planen for fornybar energi tar opp i seg de utfordringene og læringspunktene som kom frem av denne rapporten.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Faggrupper i planarbeidet	Det er positivt at det legges opp til faggrupper i forbindelse med planarbeidet, og särlig at man også skal jobbe med havkraft/bølgekraft, solenergi og geotermisk energi – siden det her gjerne er snakk et stort potensial og samtidig begrensede miljøeffekter.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon,

	<p>Vi mener at det også må opprettes en faggruppe som skal jobbe med energieffektivisering og energigjenvinning (sistnevnte eksempelvis i tilknytning til kraftkrevende industri), og også en faggruppe som har ansvar for hvordan man kan tilrettelegge for økende grad av sirkulærøkonomi – for eksempel for gjenvinning av utrangerte solcellepaneler.</p> <p>Andre viktige problemstillinger som må drøftes i planen, og som kanskje også fortjener egne faggrupper, er hvordan krafta skal prioriteres, og hvordan kraftnettet skal utvikles i fremtiden.</p>	men ikke aktuelt med endring.
Energibehov	<p>Både estimat av potensialet for fornybar energi, og en analyse av kraftsituasjonen i fylket, vil basere seg på en rekke forutsetninger knyttet til forbruk, teknologi, m.m. – begge deler må være viktige tema for den aktuelle planen. Vi mener at fylkeskommunen bør være nøkterne i framskrivingen av behovet for energi, og den aktuelle planen må også si noe om hvilken type forbruk som den verdifulle og begrensede energien skal brukes til.</p> <p>Den aktuelle planen må også ta høyde for økningen i kraftproduksjon som en følge av klimaendringene. Vestlandet har allerede fått, og vil også i fremtida få et betydelig våtere klima. Eksempelvis viser NVE at BKK kan vente seg ytterligere 3–7 prosent økning i kraftproduksjonen i sine anlegg ved utgangen av det inneværende århundret</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Energieffektivisering og energisparing	<p>Vestland fylke har allerede mye fornybar energi, og vi mener at <i>bruken</i> av dagens energi må være et viktig tema for den aktuelle planen. De mest optimistiske estimatene for energieffektivisering og energisparing i Norge er på nærmere 40 TWh, og vil ha selvsagt ha samme funksjon i energibalansen som en produksjonsøkning, men da uten konfliktene som man ser knyttet til nye utbygginger som rammer naturmangfold og friluftlivsinteressene. Her er det også et viktig å nevne at dagens høye strømpriser etter alt å dømme vil fungere som en katalysator for flere tiltak knyttet til energieffektivisering. NVE mener for øvrig at det ligger et lønnsomt potensial på opp mot 13 TWh i energieffektivisering i bygg. Dette tilsvarer omrent 10 prosent av Norges energiforbruk. I forbindelse med vedtaket av <i>Klimaplan for Hordaland 2014–2030</i> vedtok Hordaland fylkesting i juni 2014 at «energibruken i Hordaland skal reduseres med 20 % innen 2020 og 30 % innen 2030 i forhold til 2007.»</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<p>Det ble samtidig vedtatt at «energibehovet til alle formål skal i størst mulig grad dekkes av fornybare energikilder uten tap av naturmangfold.»</p> <p>Vi forventer at den regionale planen for fornybar energi analyserer og evaluerer hvordan man ligger an med målsettingene som ble vedtatt i 2014, og vi forventer også at den regionale planen for fornybar energi kommer med samme type konkrete regionale mål for energisparing og energieffektivisering som den nevnte klimaplanen gjorde i 2016, og at det videre legges opp til handlingsplaner for hvordan disse målene skal nås. Målsettingen om at energibehovet i størst mulig grad skal dekkes av fornybare energikilder <i>uten</i> tap av naturmangfold, må etter vår mening også videreføres i den aktuelle planen.</p>	
Krafttilknytning	<p>Anbefalinger om krafttilknytning må kobles til verdiskaping, dokumentert utslippsreduksjon, arbeidsplasser og øvrig samfunnsnytte, og ikke minst tiltaket sin effekt på natur, miljø og klima. Eksempelvis vet vi at både datasentre og prosessindustri krever store energimengder, men at bare én av dem gir arbeidsplasser og skatteinntekter av betydning. Dette eksempelet er med på å illustrere at det er nødvendig å gjøre veloverveide vurderinger når man skal finne ut hvordan krafta skal prioriteres, og dermed hvordan kraftnettet skal bygges ut. Vi håper at Vestland fylkeskommune i den kommende planen vil komme med gode vurderinger og retningslinjer også når det gjelder denne type tema.</p> <p>Et annet svært aktuelt eksempel på at temaet krafttilknytning er viktig, er spørsmålet om elektrifisering av den norske sokkelen. Flere av organisasjonene som er med på denne høringsuttalelsen, har tatt et aktivt standpunkt mot elektrifisering av norsk sokkel med kraft fra land – og disse håper at fylkeskommunen bruker den aktuelle planprosessen og planen til å komme med et tydelig og velbegrunnet standpunkt mot denne formen for krafttilknytning. Det er åpenbart at det er problematisk å videreføre elektrifiseringen av norsk sokkel, siden fornybar energi til dette formålet verken vil gi noen dokumentert, global klimaeffekt eller nye arbeidsplasser, samtidig som tiltaket vil gå på bekostning av bærekraftig verdiskaping i Vestland fylke. Fornybar kraft vil – etter alle</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	solemerker – være en begrenset ressurs også innenfor den aktuelle planperioden.	
Utvikling av kraftnettet	<p>Krafttilknytning og utvikling av kraftnettet griper til en viss grad inn i hverandre. Helt overordnet må fornybar energi ses i tett sammenheng med kraftnettet og dets kapasitet. Kraftnettet har foruten store økonomiske kostnader, også en betydelig og underkommunisert konsekvens for natur og friluftsliv. Luftlinjer har stor påvirkning på landskap, fugleliv og det den visuelle opplevelsesverdien av natur, mens jord- og sjøkabler naturligvis også kan ha negative konsekvenser for det naturmangfoldet som berøres av denne type tiltak – selv om konsekvensene for landskap og friluftsliv her kan være betydelig mindre.</p> <p>Her må man dra lerdøm fra konfliktfylte utbyggingssaker, slik som i Hardanger, ved blant annet å minimere behovet for kraftnett i nye områder. Den aktuelle planen bør derfor legge opp til at mest mulig ny fornybar kraft blir produsert nærmest mulig der kraften blir brukt: Eksempelvis utnytting av solenergi og geotermisk energi i boligområder og næringsområder, og eventuelt vindkraft på land i tilknytning til eksisterende næringsområder – der påvirkning på natur, landskap og mennesker tilsier at en slik utbygging er tilrådelig. Her presiserer vi at flere av organisasjonene som er med på denne høringsuttalelsen har tatt et aktivt standpunkt mot vindkraft på land der denne type utbygginger medfører nedbygging av natur.</p> <p>Også når det gjelder avkarbonisering av oppdrettsanlegg vil det være muligheter for kortreist kraft – for eksempel fra flytende solceller eller andre fornybare energikilder.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Vindkraft	<p>Vindkraftutbygging i mer eller mindre urørte natur- og fjellområder må etter vår mening høre fortiden til. Slike utbygginger i fjellområdene er en industrialisering av fjellandskapet som vi ikke har sett siden de store vannkraftutbyggingene. Visuelt sett er vindkraftutbyggingene ofte enda mer iøynefallende enn selv de store vannkraftutbyggingene – siden de høye vindturbinene er synlige over en større avstand enn de store demningene og dammene. Avbøtende tiltak vil aldri kunne kompensere for de ødeleggelsene som gjøres gjennom denne type tiltak.</p> <p>Naturmangfoldet blir skadelidende, og landskapet rundt blir mindre</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

attraktivt både som bo-område og turområde, og det mister også sin verdi som reiselivsmål. Den totale negative effekten på folkehelsa av den type tiltak som vi her viser til, bør det også være i fylkeskommunens interesse å belyse gjennom den aktuelle planen.

Det er vår mening at vindkraft i fjellet og i øvrig natur er det mest landskapsinngripende tiltaket som vi i dag kjenner til. Og i tillegg genererer disse utbyggingen kun ustabil kraft – i motsetning til de store vannkraftutbyggingene. Vestland sitt ikoniske og internasjonalt verdifulle natur- og kulturlandskap må ikke bli ødelagt av kortiktig profitt – selv om det er i tilknytning til fornybar energi.

På grunnlag av blant annet føringene om vindkraft som ligger i styringsplattformen for Vestland fylke, ser vi det som problematisk å sette ned en egen arbeidsgruppe for vindkraft – hvis mandatet da blant annet vil være å finne nye naturområder til vindkraftutbygging.

Her minner vi også om forslaget til nasjonal ramme for vindkraft, som NVE la ut på høring i 2019, og som senere ble skrotet. Dette forslaget skapte et sterkt folkelig og kommunalt engasjement, som forhåpentligvis vil medføre relativt radikale endringer i det nye konsesjonssystemet for vindkraft som Regjeringen er ventet å legge frem før sommeren – endringer som forhåpentligvis vil gjøre at tiden for vindkraftutbygginger i fjellområder og andre verdifulle naturområder er forbi.

Vi mener at *Fylkesplan for vindkraft Sogn og Fjordane* må utgå i sin helhet. Forutsetningene som man den gang trodde lå til grunn for den planen har vist seg ikke lenger å være der. Slik vi i dag tolker det politiske landskapet regionalt, er det ikke lenger politisk flertall – ei heller legitimitet i befolkningen – for omfattende industriell utbygging av vindkraft i Vestland fylke. Dette må også fremkomme av den aktuelle planen for fornybar energi.

Det er pr. dags dato heller ingen kommuner i Vestland fylke som har signalisert at de ønsker ny utbygging av landbasert vindkraft, og NVE (ved fung. Seksjonsleder Erlend Bjerkestrand) melder om at det foreløpig ikke er noen kommuner i Vestland som har gitt sitt skriftlige samtykke til å være vertskommune for nye vindkraftanlegg – et slikt samtykke er en forutsetning for at nye vindkraftprosjekter skal behandles.

	<p>Flere kommuner (bl.a. Alver, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kvinnherad, Masfjorden og Sunnfjord) har tvert imot allerede sagt tydelig fra at dere fjellområder <i>ikke</i> er aktuelle for fremtidige vindkraftanlegg – noe som illustrerer en tydelig lokalpolitisk motstand mot nedbygging av verdifulle naturområder. En motstand som også må frem av den aktuelle planen.</p> <p>Vi minner også om det enstemmige vedtaket som fylkestinget i Vestland fattet den 10. juni 2020, som blant annet inneholdt denne formuleringen: <i>Vestland fylkesting vil ikke ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.</i></p> <p>Hvis den aktuelle planen – mot formodning – skulle legge opp til videre vindkraftutbygging i naturområder, så er det stor grunn til å tro at konflikter knyttet til dette temaet vil svekke hele planens legitimitet, noe som samtidig vil virke som en bremsekloss for nødvendig fornybar omstilling i Vestland.</p> <p>Vindkraft påvirker også <i>bolyst</i> i distriktene, noe som bør være relevant for fylkeskommunen å undersøke i forbindelse med den aktuelle planen. Den aktuelle fornybarplanen bør også ha som tema hvordan fylkeskommunen vurderer en videreføring av konsesjonsperiodene for de vindkraftanleggene som har størst konflikt knyttet til landskap, friluftsliv, turisme, fugleliv og annet naturmangfold.</p> <p>Selv om fylkesplanen for vindkraft (Sogn og Fjordane) inneholder et nyttig kunnskapsgrunnlag om konfliktpotensialet mellom vindkraftutbygging og viktige naturverdier, så ble dessverre planen etter hvert svekket ved at det ikke ble begrunnet godt nok hva som lå i begrepene «høg», «middels» og «lav» konflikt. Denne politiske prosessen forventet en vesentlig større aksept for utbygging av vindkraft enn hva det opprinnelige saksfremlegget fra fagutvalget gjorde. Se side 17 i høringsinnspillet fra Statsforvalteren (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) om dette.</p> <p>Dersom fylkesplan for vindkraft i noen grad skal videreføres som et verktøy, for eksempel som grunnlag for innsigelse i tilknytning til naturverdier, bør man i så fall gå tilbake til fagutvalget sin klassifisering</p>	
--	---	--

	av områder, og da fjerne tallfestede mål for installert effekt og produksjon.	
Vannkraft	<p>Tiden for de store vannkraftutbyggingene er forbi, og naturmangfoldet i og i tilknytning til de ubebygde vassdragene må vernes om. Like fullt er det fortsatt et betydelig potensial knyttet til oppgradering av eksisterende vannkraftverk – der dette kan gjøres med små inngrep. Den kommende planen bør tydelig vise hvilket potensiale det ligger i oppgradering av eksisterende vannkraftverk. Det er viktig å understreke at vi her først og fremst tenker på tekniske oppgraderinger som utskifting av turbiner, rør og vannveier – ikke nye inngrep som overføring av vann fra omkringliggende, urørte vassdrag.</p> <p>I gamle Sogn og Fjordane har det blitt gitt konsesjon til svært mange småkraftverk. Mange av disse er ikke utbygde, og en viktig del av den aktuelle planen bør være å vurdere om de konsesjonene med størst konflikt med naturverdier, bør anbefales ikke å få forlenget igangsettingsfrist.</p> <p>Det er viktig at man i arbeidet med å vurdere utvidelser eller opprusting av eksisterende vannkraftverk også tar hensyn til viktigheten og nødvendigheten av revisjoner av eldre vannkraftkonsesjoner. I 2013 utga NVE og Miljødirektoratet en felles rapport om vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. I denne rapporten prioriteres innføring av minstevannføring/vannslipp i ni elver i gamle Hordaland fylke (tabell 7.6), samt syv elver i tidligere Sogn og Fjordane fylke (tabell 7.7). Av hensyn til naturen og miljøet i og ved vassdragene er det nå svært viktig at disse revisjonene gjennomføres snarest (unntatt selvsagt de elvene der revisjon allerede pågår) – selv om dette isolert sett vil gi et beskjedent produksjonstap av vannkraft.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Havkraft/bølgekraft	Bølgekraft har til nå ikke vært lønnsomt, og tidligere forsøk har i stor grad havaret på grunn av høge kostnader og kort levetid i et korrosivt miljø. Potensialet er imidlertid trolig større enn for både vind-og solkraft: Bølgekraft er mer arealeffektivt og mindre variabelt, noe som i større grad gjør det egnet til direkte å erstatte fossile utslippskilder – slik som dieselegeneratorer – på en slik som måtte som er umulig for sol- og vindkraft alene.	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<p>Her må vi nevne bedriften <i>Havkraft</i> i Vågsøy kommune, der de i de nyeste modellene viser til lavere LCOE (<i>Levelized Cost of Energy</i>), samt lengre levetid, enn både flytende og bunnfast havvind. Anleggene er mulig å installere både på eksisterende og nye kaier og moloer, samt som frittstående, flytende bunnforankrede anlegg. Dersom denne typen anlegg ikke blir plasserte i verneområder, viktige fiskeriområder eller i konflikt med friluftslivsinteresser, så kan dette være en nærmest konfliktfri bidragsyter til energiforsyningen.</p>	
Geotermisk energi	<p>Mandatet for denne faggruppa mener vi også bør dekke geotermisk varme, som prosjektene Fjordvarme-satsinga (Nordfjordeid og Selje) og Førdefjorden Energi (Førde) er gode eksempler på.</p> <p>Henting av geotermisk varme fra hav og jord vil erstatte strøm til oppvarming, og frigjør dermed strøm til andre formål.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholder relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
